



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for næring, kultur og idrett  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 17.03.2014  
**Tid:** 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 11.03.14

Bjørn Otterlei  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 9/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/14	Protokoll frå førre møte
PS 11/14	Kommunalt næringsfond. Sak i kontrollutvalet.
PS 12/14	Vedk. retningsliner for tilskot til merking og skilting av turstiar i Herøy.
PS 13/14	Svar på høyring – Regional delplanfor kulturminner av regional og nasjonal verdi
PS 14/14	Tilskot Landskonferanse Tjukkasgjengen 2014



PS 9/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/14 Protokoll frå førre møte



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/415
		Arkiv:	047

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/14	Komite for næring, kultur og idrett	17.03.2014
	Kommunestyret	27.03.2014

### KOMMUNALT NÆRINGSFOND OG RDA. SAK I KONTROLLUTVALET.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret legg til grunn at retningslinene for det kommunale næringsfondet og retningslinene for RDA- midlane i hovudsak byggjer på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane. Dette vil vere grunnlaget for vurderingane så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.
2. For å sikre forsvarleg sakshandsaming i samsvar med retningslinene for kommunalt næringsfond og retningslinene for RDA- midlane, skal tolkinga av retningslinene i samsvar med saksutgreinga leggest til grunn.
3. For å sikre at alle opplysingane er med i søknaden, vil det frå 2014 vere krav om at alle søkjarar nyttar det elektroniske søknadsskjemaet som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Særutskrift:

- Kommunerevisjonen
- Kontrollutvalet
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterende rådmann
- Økonomiavdelinga
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Regional og næringsavdelinga,  
Fylkeshuset, 6404 Molde

## Vedlegg:

- Sak 09/14 i Kontrollutvalet i Herøy kommune.
- Kommunalt næringsfond – retningslinjer.
- Retningslinjer næringsretta midlar til regional utvikling. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift (RDA).

## Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 09/14:

*«1. Kontrollutvalet tek arbeidsnotatet frå revisor vedkomande tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet til vitande.*

*2. Kontrollutvalet viser til revisor sin konklusjon og oppmodar rådmannen til å utføre forsvarleg saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet, og som dokumenterer at tildeling skjer i samsvar med retningslinjene.»*

I sak 35/13 vedtok kontrollutvalet at revisjonen skulle gjere nærare undersøkingar om retningslinjene for det kommunale næringsfondet var fylgde i ein del utvalde saker. Revisor har gått gjennom 9 saker, ei av dei gjeld bruk av RDA- midlar (sak 5 om Herøyspelet). Saka omfattar difor også retningslinjene for bruk av RDA- midlar.

Revisor har fylgjande konklusjon i arbeidsnotat datert 13.12.13:

*«Saksutgreiingane inneheld relativt lite opplysning og/eller vurdering opp mot regelverket, men søknadane gir eit godt bilde av intensjonen med det søkte tilskotet. Saksutgreiingane er som oftast bygt opp etter standard mal/nytta standard ordlyd, med presisering av enkelte punkt i retningslinjene – utan at desse punkta er drøfta eller er med i ei grunngjeving. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til om retningslinjene er følgde, men etter revisor sitt syn kan det tyde på at retningslinjene vert praktisert altfor romsleg, sjå vurderingar i kvar enkelt sak.»*

## Om retningslinjene

Kommunen har nytta retningslinjene frå Møre og Romsdal fylkeskommune i sakshandsaminga, jfr vedlegg.

## Om søknadsskjemaet

I 2012 vart det utvikla eit nytt elektronisk søknadsskjema som sikrar at alle relevante opplysningar kjem med i søknaden. Kommunen har likevel teke opp til handsaming søknader der det nye søknadsskjemaet ikkje er nytta. Frå og med 2014 vil eg krevje at alle søkjarar nyttar dette søknadsskjemaet.

## Om saksutgreiinga

Kontrollutvalet oppmodar rådmannen om å utføre forsvarleg saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet som dokumenterer at tildeling skjer i samsvar med retningslinjene.

Kva er så forsvarleg saksutgreiing?

I retningslinjene for RDA- midlane heiter det i kapittel V, punkt 4:

*«Mynde til å vedta løyvingar er lagt til kommunen. Vedtak skal vere i samsvar med satsingsområda i lokal handlingsplan. Løyving til tiltak utanfor satsingsområda må godkjennast av Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Regional- og næringsavdelinga.»*

Når det gjeld søknader om RDA- midlar, innstiller styret i Herøy Næringsforum til komite for næring, kultur og idrett. Søknadene vert lagt fram for styret i Herøy Næringsforum utan skriftleg utgreiing og innstilling. Kommunen får oversendt protokoll frå styremøta. I innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum i den enkelte saka vert det vist til satsingsområda i den lokale handlingsplanen for RDA- midlane. Dette vert lagt til grunn som grunngeving for innstillinga.

Rådmannen legg innstillinga frå styret fram for komite for næring, kultur og idrett. Rådmannen finn det vanskeleg å lage ny saksutgreiing etter at saka er behandla i styret for Herøy Næringsforum då det også heiter at ein skal legge vesentleg vekt på innstillinga frå næringslivet.

Når det gjeld kommunalt næringsfond, er det rett at det vert nytta ein standard mal for saksutgreiinga. Rådmannen kan ikkje sjå at det i seg sjølv er kritikkverdig.

I retningslinene for RDA- midlane kapittel VI, punkt 1 heiter det:

*«Retningslinene byggjer i hovudsak på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane.»*

Dette gjeld også for kommunalt næringsfond. I saksutgreiingane er det difor lagt vekt på å sjå til at søknadene ikkje er i strid med retningslinene. Eg kan ikkje sjå at det på dette grunnlaget er behov for omfattande vurderingar så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.

## **Om vurderingane**

### Akkumulering

Frå rådmannen si side har det vore lagt til grunn ei romsleg vurdering av søknadene i innstillingane, men har også lagt vekt på at innstillinga ikkje skal vere i strid med regelverket. Det har m.a. sin bakgrunn i tildelingsbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 15.03.2010, sjå vedlegg, Eg siterer frå brevet:

### *«Akkumulering*

*Vi har av rapporteringa sett at enkelte kommunar akkumulerer opp næringsfondmidlar over fleire år. Etter retningslinene for kommunale næringsfond punkt 5.3, skal ein unngå fondsakkumulering utanom i særskilte tilfelle. Akkumulering gir signal om at det ikkje er behov for midlane. Vi ber difor om at kommunane der dette gjeld, set vi verk nødvendige tiltak for å finne gode prosjekt, slik at midlane vert nytta. Om det er særskilde årsaker til akkumuleringa, ber vi om tilbakemelding om dette. Kommunar som kan grunnkje akkumulering i forhold til ventande prosjekt, kan vente redusert tildeling i 2011.»*

Herøy kommune hadde ei vesentleg akkumulering av næringsfondmidlar før 2010. Det har nok vore ei romslegare vurdering av søknadene etter 2010 enn før 2010. Herøy kommune har i dag inga vesentleg akkumulering av næringsfondmidlar.

### Utløysande effekt



I retningslinene for kommunalt næringsfond heiter det:

*«Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde eit tilbod.»*

Det skal skje ei reell vurdering av om støtte frå næringsfondet har ein utløysande effekt på tiltaket. Dette betyr også at tiltaket ikkje kan settast i verk før det vert søkt næringsfondet om støtte. Dersom tiltaket vert sett i verk før det er gjort vedtak i saka, skjer dette på eigen risiko.

Fylkeskommunen har signalisert at prioritering av bruken av kommunalt næringsfond og RDA- midlane bør innarbeidast i rulleringa av **strategisk næringsplan**.

### Kostnadsramma

I retningslinene for kommunalt næringsfond heiter det i punkt 7:

*«Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men bør i staden sendast Innovasjon Norge for vurdering.»*

Når det gjeld bedriftsretta prosjekt der totalkostnadane overstig 300.000 kr, har eg lagt til grunn at søkjar kan definere delprosjekt på max 300.000 kr innanfor totalramma, som kan leggest til grunn for søknader om tilskot frå kommunalt næringsfond. Ei slik tolking vert støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Eg vil også gjere merksam på at bedrifter i Herøy kommune frå 1. juli 2014 til 31.12.2020 ikkje kan få offentleg støtte til investeringar i t.d. bygningar eller ny teknologi.

### Tidsavgrensing

I retningslinene for kommunalt næringsfond punkt 7 heiter det at eit prosjekt ikkje kan gjevast støtte over lengre tid enn 3 år. Tilsvarande er gjort gjeldande for RDA- midlane i retningslinene kapittel VI, punkt 9.

### Driftsstøtte/utviklingsprosjekt

I retningslinene for kommunalt næringsfond kapittel 6 heiter det at kommunalt næringsfond ikkje kan brukast til ordinær drift av verksemder. I tillegg heiter det:

*«All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.»*

Det same er gjort gjeldande for RDA- midlane, jfr retningslinene kapittel VI, punkt 9.

I retningslinene for kommunalt næringsfond, kapittel 5 er marknadsføring definert som utviklingsprosjekt som i utgangspunktet kan støttast i 3 år. Men fylkeskommunen legg til grunn at ikkje all marknadsføring er utviklingsprosjekt. Dersom marknadsføringa er ordinær marknadsføring av same tiltaket som tidlegare, kan dette vurderast som ordinær drift.

### Spel og festivalar

Fylkeskommunen legg til grunn at utviklingsprosjekt knytt til spel og festivalar kan støttast inntil 3 år.

Samferdsel:

I retningslinene for RDA- midlane Kapittel VI, punkt 4 heiter det:

*«Midlane kan brukast på samferdsel dersom prosjektet ligg inne i vedteken fylkesvegplan eller NTP.»*

I KN-sak 33/12 vart gjort slikt vedtak:

*«Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 10.000.000 kr til samferdsel/infrastruktur/innfartsveg Fosnavåg, jfr Lokal handlingsplan 2013, resultatmål 3 b og 3 c. Vedtaket har som føresetnad at vedtaket vert godkjent av Møre og Romsdal fylkeskommune.»*

Disponering av kr. 10 millionar av RDA-midlane til vegbygging i samband med nytt badeland var ein del av Herøy kommune sin handlingsplan for bruk av RDA-midlane 2013. Den planen vart godkjent av Fylkesutvalet 25.02.2013.

**Vurdering og konklusjon:**

For å sikre forsvarleg sakshandsaming i samsvar med retningslinene for kommunalt næringsfond og retningslinene for RDA- midlane, vil eg rå til at tolkinga av retningslinene i samsvar med saksutgreiinga ovanfor vert lagt til grunn. I dette ligg også at retningslinene i hovudsak byggjer på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane. På dette grunnlaget vil det ikkje vere behov for omfattande vurderingar så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.

For å sikre at alle opplysingane er med i søknaden, vil det frå 2014 vere krav om at alle søkjarar nyttar det elektroniske søknadsskjemaet som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 07.03.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

# HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

## UTSKRIFT

frå

## M Ø T E B O K

---

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	09/14	HE 01-14 SAK 09-14	10.02.2014

---

### SAK 09/14 KOMMUNALT NÆRINGSFOND

#### Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek arbeidsnotatet frå revisor vedkomande tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet til vitande.
2. Kontrollutvalet viser til revisor sin konklusjon og oppmodar rådmannen til å utføre forsvarleg saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet, og som dokumenterer at tildeling skjer i samsvar med retningslinene.

#### Rett utskrift

Åram, 11. februar 2014

*Ida B. Marholm*  
Ida Birgitte Marholm  
Sekretær

Utskrift til: **Rådmannen**  
**Fosnavåg Handelsforening**

# VEST KONTROLL

Dato: 28.01.2014

## Kontrollutvalet

### SAK 09/14 KOMMUNALT NÆRINGSFOND

#### Vedlegg:

Frå revisjonen v/Bodill Skeide: Arbeidsnotat kommunalt næringsfond, av 13.12.13.

#### Saksopplysning/saksutgreiing:

I sak 35/13 vedtok kontrollutvalet at revisjonen skulle gjere nærare undersøkingar om retningslinene vedkomande tildeling frå det kommunale næringsfondet var følgt i utvalde bedrifter. Revisjonen har laga eit arbeidsnotat som tek føre seg dei utvalde bedriftene, sjå vedlegg.

#### Vi viser til notatet frå revisjonen der revisjonen har kommentert «dei utvalde bedriftene»

##### Revisjonen kjem fram med slik konklusjon:

«Saksutgreiinga inneheld relativt lite opplysning og/eller vurdering opp mot regelverket, men søknadane gir eit godt bilde av intensjonen med det søkte tilskotet. Saksutgreiingane er som oftest bygt opp etter standard mal/ nytta standard ordlyd, med presisering av enkelte punkt i retningslinene – utan at desse punkta er drøfta eller er med i ei grunngeving. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til om retningslinene er følgde, men etter revisor sitt syn kan det tyde på at retningslinene vert praktisert altfor romsleg, sjå vurderingane i kvart einskild sak»

Revisor kan gi utfyllande opplysningar i møtet.

Ut frå revisor sin konklusjon, slik eg ser det, så bør ein forvente betre saksutgreiing for tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet.

#### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek arbeidsnotatet frå revisor vedkomande tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet til vitande.
2. Kontrollutvalet viser til revisor sin konklusjon og oppmodar rådmannen til å utføre betre saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet.

Jostein Støylen  
Dagleg leiar

---

Postadresse: 6149 Åram

Organisasjonsnr: 987 829 257

Telefon: 70030440

Bankkonto: 3910.26.35373

Telefaks: 70030449

E-postadresse: jostein.stoylen@ssks.no

Mobil: 90187950

Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## ARBEIDSNOTAT

**Dato:** 13.12.13  
**Utarbeidd:** Bodill

**SAK:** Kommunale næringsfond

---

Kommunen nyttar retningslinjene som er vedteke av regional- og næringsutvalet i M & R fylkeskommune, og har ikkje utarbeidd egne retningslinjer.

### **RETNINGSLINJER :**

#### **Formål og prioritet i flg retningsliner av 05.03.2013:**

Skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal.

Unge, kvinner og innvandrarak skal prioriterast ved tildeling.

Midlane skal ha ei utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert . Det er ikkje tilstrekkeleg at støtta bidreg til å oppretthalde eit tilbod.

#### **Søknaden :**

Søknaden skal innehalde bakgrunn for prosjektet, presise og realistisk mål, oversikt over aktivitetar og framdriftsplan, budsjett med kostnadsoverslag samt finansieringsplan og oversikt over mottatt offentleg støtte dei siste tre åra.

#### **Tiltak som kan støttast:**

Kommunale næringsfond kan brukast både til bedriftsretta tiltak, og til tilretteleggande tiltak i regi av kommunane eller andre organisasjonar. Det kan berre gjevast støtte til tidsavgrensa utviklingsprosjekt.

- Tilretteleggande tiltak: Det kan gjevast støtte til utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetting i regi av kommune eller organisasjonar. Det kan vere tiltak som omdømebygging, marknadsføring, profilering, kompetanseheving, kurs, seminar, konferansar, konsulenthjelp, kommunalt næring- og tiltaksarbeid, etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak m.m.
- Bedriftsretta tiltak: Det kan gjevast støtte til bedrifter og nyetablerarar. Tiltak kan vere investering i utstyr og maskiner, støtte til profilering/merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, kurs/seminar, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgeving, nettverksbygging eller liknande

Støtte til investeringar i maskiner /utstyr kan berre gjevast i kommunane i sone III og IV(Herøy)

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## Avgrensing:

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til følgjande tiltak:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantiar
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsform
- Ordinær drift av verksemd. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette t.d. gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av off.oppgåver. Det gjeld også kommunen sine ordinære oppgåver i nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Private verksemder som utfører kommunale oppgåver på vegne av det offentlege skal ikkje tildelast kommunal næringsfond
- Fysisk infrastrukturtiltak i kommunane, som sentrumsplanlegging, utbygging av industri/næringsareal, vegar , hamner, vassverk m.m.

## Andre vilkår:

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men sendast i staden til Innovasjon Norge for vurdering. Maks beløp 2013 kr 300`

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig og konkurransevridande lokalt.

Både tilretteleggande og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader.

Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75%) til nyetablerarar

## **Avgrensing av kontrollen:**

Viser til vedtak i kontrollutvalet sak 35/13 og undersøkt om retningslinjene er følgde.

Kontrollen er retta mot 9 spesifikke tildelingane, og det er derfor ikkje vurdert om retningslinjene er følgde mht kva grupper som skal prioriterast ved tildeling. Det er heller ikkje vurdert om tiltaket kan oppfattast som urettferdig og konkurransevridande lokalt, då det ikkje ligg føre informasjon kring dette verken i søknaden eller saksutgreiinga.

## **1 Blåst Film AS**

**Søknad nr 2013 -0017**

**Prosjekt:** Filmproduksjonslokale for utleige

**Prosjekt mål:** Bygge eit arbeidslokale spesialtilpassa filmproduksjon og leige ut desse lokala til Blåst film AS

Blåst film AS reg. 11.02.2009 næringskode produksjon av film video og fjernsynsprogram

Blåst film Pilskog reg 16.04.2005 næringskode produksjon av film, video og fjernsynsprogram

Det går fram av søknaden at enkeltmannsforetaket Blåst film Pilskog skal bygge spesialtilpassa produksjonslokale på Leikong og leige ut dette til Blåst Film AS. Stønadens skal dekketilrettelegging av lokala til filmproduksjon. Det går vidare fram av søknaden at søker er i dialog med Byggeneste AS, Moltustranda om bygging av lokala.

Revisjon i kommunane

Hareid – Herøy – Sande – Ulstein – Vanylven – Volda - Ørsta

## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Det går fram av saksutgreiing at støtta gjeld tilbygg for filmproduksjon, men ligg ikkje føre detaljert kostnadsoverslag utover samla kapitalbehov på 300` som er maksimal grense for å kunne gi støtte.

**Vedtak Komite for næring, kultur og idrett:** Det vart gitt tilsagn med inntil kr 150.000,-

### **Vurdering:**

Søknaden gir god informasjon om bakgrunnen og framtidsutsiktene sett opp mot tiltak som kan støttast av midlar frå næringsfondet, men det er vanskeleg å skilje mellom aktivitar tilhøyrande enkeltmannsforetaket Blåst film og aksjeselskapet Blåst film. Prosjektmål er å bygge spesialtilpassa lokale for filmproduksjon og leige ut desse til søkjar Blåst film AS, utan at det går fram kven som skal eige lokala/tilbygget. Det er dessutan sett ei kostnadsramme på 300`, utan at denne er nærmare spesifisert budsjettoverslag. Det kan derfor stillast spørsmål ved om det er rett søkjar, om maksbeløpet er dekkande og følgeleg ikkje kunne støttast av næringsfondet.

Det går ikkje fram av søknaden om det har vore søkt/motteke anna off.støtte

## 2 Moldskred renovasjon AS

**Søknad nr 2013 -0039**

**Prosjekt:** Markedstøtte Supersuger

**Prosjektmål:** Nytt produkt/teneste som må inn på delvis ny marknader både lokalt og regionalt, tidlegare M&R og S&F, no utvidast til delar av Sør-Norge og Trøndelag.

Selskapet registrert 26.04.2004 Næringskode: Oppsamling og behandling av avløpsvann

Det går fram av søknaden at selskapet har investert i ny Supersugar og seld septikbilane pga tapte slamkontrakter for å legge om drifta ved å skape eit nytt marke då bygge drifta vidare på. Detaljert markedsføringsplan ligg føre, stipulert totalkostnad kr 300` over to år, derav 100` i 2013.

Det går fram at det ikkje er søkt om off.støtte tidlegare.

**Vedtak Komite for næring, kultur og idrett:** Det vart gitt tilsagn med inntil kr 150.000,-

### **Vurdering:**

Søknad gir tilstrekkeleg informasjon om bakgrunnen og formål med støtta, og gjeld tiltak som kan støttast av næringsfondet.

## 3 Bakkar og Berg Media AS

**Søknad nr 2013 -0027**

**Prosjekt:** Etablering av mediaselskap

**Prosjektmål:** Utvikle tekniske løysingar før oppstart, og lansere nettportalen nett.no med nærlingslivsnyheiter for Sunnmøre og Nordfjord på nett og mobil.

Selskapet registrert 30.04.2013 Næringskode: Utgivelse av blader og tidsskrift

## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Selskapet skal etablere seg med hovudkontor i Fosnavåg rederipark, utan fast tilsette, men med innleige av arbeidskraft, anslagsvis 3-4 . Seinare er det kome e-post at det er tilsett 1 person fast ved kontoret i Herøy. I flg Brønnøysundregistra er selskapet registrert med forretningsadresse Fosnavåg og postadresse Ålesund.

Søknaden til det kommunale næringsfondet skal dekke kontorutstyr, data og anna teknisk utstyr, utviklingsarbeid og profilering i forbindelse med lanseringa. Det er søkt om tilskot på kr 250` på bakgrunn av totalkostnad på kr 250` fordelt med kr 150` i 2013 og kr 100` i 2014. Seinare i e-post er dette korrigert til at søknaden vert auka til kr 300`, på bakgrunn av at dei sitata: «*har store etableringsutgifter ved oppstart, utgifter som langt overstig 300.000,-*»

Det går fram at selskapet har søkt Innovasjon Norge med inntil kr 300`, men til utvikling av brukartilpassa tenester når det gjeld abonnementsbetaling via mobil, sms-varsling og anna brukarstyrt innhald.

**Vedtak Komite for næring, kultur og idrett:** Det vart gitt tilsagn med inntil kr 150.000,-  
Vilkår: Hovudkontor i Herøy i min. 2 år

### Vurdering:

Søknad med tilleggsinformasjon i e-post gir tilstrekkeleg informasjon i høve retningslinjene, og det ligg føre detaljert budsjettplan (kostnadoversikt). Det går fram at selskapet og har søkt midlar frå Innovasjon Norge, utan at det går fram kva kostnader dette skal dekke utover utvikling av brukartilpassa tenester (abonnementbetaling via mobil), dessutan går det fram av tilleggs e-posten at etableringakostnadane til utstyr, profilering og utvikling langt overstig 300`, og må då stille spørsmål ved retningslinjene er følgde, eller om ein skal akseptere å unngå retningslinjene ved å å sette «taket» på 300`.

## 4 Norfishing

**Søknad nr 2012 – 24.02.12**    **Prosjekt:** Herøy kommune deltek på Norfishing 2012  
**Prosjekt mål:** Fellestand i regi av Møre og Romsdal Fylkeskommune saman med kommunane Aukra, Kristriansund, Averøy, Midsund og Giske samt Surofi for å presentere Herøy som fiskerikommune og legge til rette for at mindre bedrifter kan få presentere seg på messa.

Søknaden gjeld Herøy komme sitt engasjement for å profilere kommunen, og gi mindre bedrifter som ikkje har høve til å operere med eigen stand mulegheita til å kunne presentere seg på messa. Det går fram av søknaden at kommunen også i 2010 nytta næringsfondsmidlar til dette formålet .

I flg søknaden dekker fylkeskommunen 50 % av standkostnadane, og kommunen sitt behod for midlar er stipulert til kr 100`, derav standkostnad med kr 45`, resten er reise/overnatting.

**Vedtak Komite for næring, kultur og idrett:** Det vart gitt tilsagn med inntil kr 100.000,-

### Vurdering:

Det går fram av retningslinjene at næringsfondet kan nyttast til tilretteleggande tiltak i regi av



## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

av kommunane for å auke vekst, verdiskaping og sysselsetting. Deltaking på denne type aktivitetar er ikkje å vurdere som ordinære oppgåver i nærings- og samfunnsutvikling.

### 5 Herøyspelet

**Søknad nr 2012 – 22.11.12 Prosjekt:** Herøyspelet 2013  
**Prosjekt mål:** Delfinansiere dag.leiar stilling, meir profesjonell marknadsføring og vedlikehald av utescenen.

Søknaden er behandla av styret i Herøy Næringsforum som har gitt si innstilling til rådmannen, og han har slutta seg til innstillinga i saka som er lagt fram for komite for næring, kultur og idrett.

Det ligg følgjeleg ikkje føre saksutgreiing.

Herøy Næringsforum har delegert mynde til å behandle og innstille i saker som gjeld RDA-midlar.

Søknaden skisserer behovet for tilskot for å kunne vidareføre den profesjonelle produksjonen av Herøyspelet, og ber om støtte til delfinansieringa av dagleg leiarstilling med kr 120', marknadsføringsbidag med kr 100' og til vedlikehald av utescena (skiftast dekke) med kr 50'. Vidare går det fram at Herøyspelet har nytte godt av RDA-midlane dei seinare åra, og som dei håper å kunne gjere i åra framover.

**Vedtak Komite for næring, kultur og idrett:** Det vart gitt tilskot med kr 270.000,-

#### Vurdering:

Kommunen og dei som har delegert forvaltningsansvaret for RDA midlane må etablere eit forsvarleg system som sikrar korrekt saksbehandling, følgjeleg burde saksbehandling/saksutgreiinga frå herøy Næringsforum ligge ved saka til behandling i Komite for næring, kultur og idrett.

Det går fram av retningslinjene for bruk av RDA-midlar at midlane ikkje kan brukast til vedlikehald, og heller ikkje nyttast til driftsstøtte. Tiltak skal heller ikkje støttast over meir enn 5 år.

### 6 Christineborg Gjestehus

**Søknad nr 2010 – 06.10.10 Prosjekt:** Reiseliv; kurs, overnatt, leirskule, selskap/konferanse  
**Prosjekt mål:** Oppgradering, IKTuts.,inventar/utstyr,kontorutst.

Registert 22.09.2010

Næringskode: Drift av hotell, pensjonat, og motell med restaurant. Utleige av rom, serveringsverksemd, drift av leirskule og vandrarheim

Søknaden gjeld ny-etablering. Det ligg ved spesifisert budsjettoverslag i høve kjøp av inventar og utstyr med kr 179.000, og søker om tilskot med kr 100.000.

Det går fram av saksutgreiinga at retningslinjene frå fylket tilseier at samla kapitalbehov ikkje bør overstige kr 150', då kapitalbehov av større omfang skal til Innovasjon Norge. Vidare går det fram at støtte ikkje skal utgjere meir enn halvparten av kostnadane, men

## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

kommunen si arbeidsgruppa i nærings saker har ikkje vore absolutt på dette, for særskilde prosjekt har det tidlegare vore ytt høgere tilskot, fordi fylkeskommunen har gitt uttrykk for at denne grensa kan praktiserast romsleg.

**Vedtak Komite for næring, kultur og idrett:** Det vart gitt tilskot med kr 100.000,-

### Vurdering:

Det går fram av retningslinjene at det kan ytast tilskot i høve etablering, og søknaden antas å gjelde kvinnearbeidsplass då Aud Goksøyr står reg.som dagl.leiar.

Det kan stillast spørsmål om det stipulerte kapitalbehov er realistisk ved etablering av denne type aktivitet, då det går svært lite fram av søknaden, eller saksutgreiinga, om det allereie er betydeleg med driftsmidlar som inventar og utstyr i bygget slik at startbehovet er svært begrensa.

Når det gjeld stipulert kapitalbehov over grensa, så er det muleg at fylkesmannen har uttalt at den skal praktiserast romsleg, men det er og spesielt viss ei kapitalgrense skal fungere på ein slik måte at søknaden vert tilpassa grensa utan at søkjar/søknaden må synleggjere at dette er eit realistisk anslag. Ved eit kapitalbehov på 179', evt justert til 150' og tilskot på 100' gir dette ei tilskotsdekning på 66%.

## 7 Runde Kystleirskule

**Søknad** 2012 – 22.03.2012 **Prosjekt :** Starte opp leirskule  
**Prosjekt mål:** Tilskot til utg.med leirskuleopplegg

Selskapet er ikkje registrert i Brønnøysund, men utifrå beskrivelse i søknad er dette eit opplegg i «regi» av Christineborg gjestehus AS v/dagleg leiar Aud Goksøyr, og ein må anta at dette er ein del av dette selskapet sin aktivitet jfr pkt 6 ovanfor.

Det vert søkt om eit årleg driftstilskot på kr 85.000,- i tillegg til at kommunen tilset ped.ressurs i 60 % stilling. Det går fram av søknaden at det årlege tilskotet skal gå til sitat : *»kontinuerlig oppgradering av driftsmateriell, læremiddel og utstyr som til dømes leiker, spel, faglitteratur, redningsvester, kikkert, håver, skrivemateriell, AV-utstyr m.m»*

Saka har ikkje vore til behandling i komite for næring, kultur og idrett, men til behandling i formannskap og kommunestyret pga det var søkt om årlege driftstilskot, og ikkje midlar frå næringsfondet.

**Vedtak Kommunestyret:** Markedføringstilskot på kr 85.000,-, dekn. komm. næringsfond  
Driftstilskot kr 85.000,- i 2013, for nedtrapping til 50.000,-  
Ped.stilling i kommunen tilsvarande 40% i 18 mnd, ref. frå besøkskommuner skal kome kommunen til gode.

### Vurdering:

Det går fram av søknaden at det omsøkte beløp skal dekke årlege driftskostnader med leiskuleaktivitetar, og saksutgreiing og behandlinga i formannskapet ber og preg av dette, ogdertil finansiering. Det er alt som tyder på at kreative sjeler i kommunestyret har kome med forslag om at tilskotet skal ytast som markedsføringstilskot, for då å kunne finansiere dette med bruk av næringsfondet. Viss dette er eit nytt tiltak, eller eit nytt satsingsområde mot nye «kunde»gruppe er dette innanfor gitte retningslinjer, men om dette er oppfylt er ei anna sak – og heller ikkje er det dette søknaden gjeld.

## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Det er ikkje undersøkt om utbetalinga av tilskotet 18/6-12 er dokumentert med rekneskapsoppsett som viser bruken av midlane med tilhøyrande underdokumentasjon jfr krav i retningslinjer for utbetalingar frå næringsfond.

I flg retningslinjene kan midlane nyttast til tilretteleggande tiltak i regi av kommunen eller andre organisasjonar, men då til tidsavgrensa prosjekt. Det er lite i søknaden som taler for at det omsøkte tilskotet er tidsavgrensa.

### 8 Runde turistinformasjon

**Søknad 2013 18.02.2013**      **Prosjekt:** Finansiering av Runde turistinformasjon frå 2014

Runde Grendalag 24.03.2003      Næringskode: Ulike kulturaktivitetar

Søknaden gjeld årlege tilskot til drift av turistinformasjon på Runde begrensa opp til 250.000,-. Det går vidare fram at Runde har hatt turistinformasjon finansiert av RDA- midlar dei siste 5 åra, driven av Runde Miljøseier (2008-2010) og Runde Grendalag (2011-2012). Kostnaden i 2012 var kr 217`, og turistinformasjonen er ein arbeidsplass for ungdom på øya. Det går fram av saksutgreiinga at tilskot til turistinformasjon på Runde ikkje er i strid med regelverket for kommunale næringsfond, og at det vert rådd til eit tilskot på kr 100`.

**Vedtak KN-sak 40/13:**      Tilskot frå komm.næringsfond til turistinformasjon inntil kr 100.000

Vilkår: Spesifisert rekneskap i samsvar med kostnadsoverslag.

#### **Vurdering:**

Det går ikkje fram av søknaden at dette gjeld tidsavgrensa utviklingsprosjekt, men derimot årlege driftsstøtte. Utifrå saksutgreiinga kan det tyde på at dette tiltaket vert vurdert som eit utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskapning og sysselsetting gjennom marknadsføring og profilering. Det går fram av regelverket at tilskotet ikkje skal dekke ordinære driftskostnader med aktiviteten, men skal dekke ekstra kostnader i høve utviklingsprosjekt.

### 9 John Normann Pettersen

**Søknad 2010 22.10.2010**      **Prosjekt:** Investering i thermokamera og utstyr for tettheitsmåling

Registrert 27.01.2007      Næring: Taks. bustad/eigedommekl 890 759 432/990 829 160

Det går fram av søknaden at søkjar har praktisert som takstmann som bi-geskjeft i ca 3 år. Ordinær jobb er prosjektleiar i kommunen. Samla kapitalbehov er kr 75` og søkjer om tilskot på dette.

**Vedtak ANS-sak 25/10:**      Det vert gitt tilskot frå komm.næringsfond med kr 37.500,-  
(Arb.gruppe næringsaker)      Vilkår: Utbetaling v/dokumentasjon at den planlagde prod.utviklinga.

#### **Vurdering:**

## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Søknaden gjeld tiltak innanfor retningslinjene under føresetnad at dette vidareutvikling /nytt markedsområde for å bidra til auka aktivitet/sysselsetting.

Då dette er eit privat enkeltmannsføretak, som ikkje har innsendingsplikt til off. register er det ikkje muleg å kontrollere om selskapet har aktivitet/endra aktivitet.

### **KONKLUSJON:**

Saksutgreiingane inneheld relativt lite saksopplysing og/eller vurdering opp mot regelverket, men søknadane gir eit godt bilde av intensjonen med det søkte tilskotet. Saksutgreiingane er som oftest bygt opp etter standard mal/ nytta standard ordlyd, med presisering av enkelte punkt i retningslinjene – utan at desse punkta er drøfta eller er med i ei grunngjeving. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til om retningslinjene er følgde, men etter revisor sitt syn kan det tyde på at retningslinjene vert praktisert altfor romsleg, sjå vurderingar i kvar einskild sak.

## **Kommunale næringsfond – retningslinjer vedtekne av Regional- og næringsutvalet 05.03.2013**

### **DEL 1 – Prinsipp og rammer for kommunale næringsfond**

#### **1. Kva er kommunale næringsfond?**

Fylkeskommunen gjev årlege løyvingar til kommunale næringsfond frå dei statlege midlane til regional utvikling, kap. 551 post 60 i Statsbudsjettet. Beløpet vert fastsett i Handlingsprogram Verdiskaping.

#### **2. Formål og prioriteringar**

Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Unge, kvinner og innvandrarakar skal prioriterast ved tildeling frå kommunale næringsfond.

Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde et tilbod.

#### **3. Tildeling til kommunane**

Fordeling av ramme til kommunane tek utgangspunkt i eit sett indeksar med grunnlag i statistiske data om demografi, arbeidsmarknad og sentralitet. I tillegg vert ein del av totalbeløpet sett av til skjønsmessige justeringar. Endringar i indekssettet skal godkjennast av regional og næringsutvalet.

Skjønsmessige justeringar av tildelt beløp kan gjerast med utgangspunkt i følgjande:

- Lokale strategiar. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom kommunen ikkje kan vise til politisk forankra strategiar for arbeidet med næringsutvikling. Strategiane kan synleggjerast gjennom kommuneplan, sektorplan eller anna politisk vedtak.
- Rapporteringskrav. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom rapport manglar eller er ufullstendig, jfr. pkt. 14, eller dersom det er gjeve støtte til prosjekt som er i strid med retningslinjer for bruk.
- Fondsakkumulering. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom ein kommune over tid, og utan forankring i langsiktige planer, akkumulerer midlar på det kommunale næringsfondet.
- Særskilde satsingar: Auka tildeling kan vurderast dersom dette kan bidra til måloppnåing innan særlege satsingar i fylkesplan/handlingsprogram verdiskaping.
- Andre vurderingar, som t.d. strukturelle problem i industrien og ekstra honorering av regionale næringsfond.

Før det vert gjort skjønsmessige vurderingar skal kommunale kraftfond motreknast krone for krone, etter fråtrekk av et fribeløp på kr.100.000.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal innan 31. mars kvart år sende tildelingsbrev til kommunane. Tildelingsbrevet skal gi opplysningar om retningslinjer og vilkår, mål og satsingar i Fylkesplan og om krav og fristar til rapportering.

Kommunar som mottar kommunale næringsfond er:

- Sone I: Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
- Sone II: Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
- Sone III: Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Sandøy, Midsund, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
- Sone IV: Aure, Smøla, Halså,

#### **4. Utbetaling til kommunane**

Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut løyving til dei kommunale næringsfonda når KRK har mottatt og godkjent rapport frå føregåande år via forvaltningssystemet RF13.50.

Kommunane skal plassere fondet på rentebærande konto. Renteinntekter skal ikkje brukast til andre formål enn kommunale næringsfond.

## **DEL 2: Forvaltning av kommunale næringsfond i kommunane**

### **1. Styrande dokument**

Lokale strategiar skal ligge til grunn for bruken av det kommunale næringsfondet. Kommunane kan utarbeide lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond. Dersom kommunen delegerer forvaltningsansvaret til ein annan forvaltar må kommunen utarbeide oppdragsbrev eller avtale som inneheld vilkår for forvaltning og bruken av midla. Det omfattar blant anna informasjon om ordninga, behandle søknader, gjere vedtak om tildelingar, skrive tildelingsbrev, rapportere om bruken av midlar og føre kontroll.

### **2. Kunngjering**

Høve til å søkje støtte frå kommunalt næringsfond skal kunngjerast. Kunngjeringa må opplyse om målgruppe, formålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

### **3. Søknad**

Kommunale næringsfond kan tildelast på grunnlag av søknad. Kommunane kan utarbeide egne søknadsskjema eller bruke elektronisk søknad via [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Søknaden skal innehalde bakgrunn for prosjektet, presise og realistiske mål, oversikt over aktivitetar med framdriftsplan, budsjett med kostnadsoverslag samt finansieringsplan og oversikt over mottatt offentlig støtte dei siste tre årane.

### **4. Satsar for eigeninnsats**

Ved utrekning av kapitalbehov inngår normalt reine pengeutlegg. Unntaksvis kan eigen arbeidsinnsats reknast inn i kapitalbehovet. Eigeninnsats for privatpersonar kan prissettast inntil kr.200,- pr. time. Det skal først timeliste for dokumentasjon. Dersom tilskotsmottakaren er eit

regnskapspliktig selskap som bruker egne tilsette i form av eige arbeid, må selskapet kostnadsføre eigeninnsatsen i regnskapet for at det skal kunne vere del av godkjent kostnadsgrunnlag. I slike tilfelle skal eigeninnsatsen prissettast til 1 promille av årslønn, maks kr.500,- pr. time.

Kommunane kan sjølve bestemme om dei godkjenner eigeninnsats som kostnadsgrunnlag.

### **5. Tiltak som kan støttast frå næringsfondet**

Kommunale næringsfond kan brukast både til bedriftsretta tiltak, og til tilretteleggande tiltak i regi av kommunane eller andre organisasjonar. Det kan berre gjevast støtte til tidsavgrensa utviklingsprosjekt.

- Tilretteleggande tiltak: Det kan gjevast støtte til utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetting i regi av kommune eller organisasjonar. Det kan vere tiltak som omdømmebygging, marknadsføring, profilering, kompetanseheving, kurs, seminar, konferansar, konsulenthjelp, kommunalt nærings- og tiltaksarbeid, etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak m.m.
- Bedriftsretta tiltak: Det kan gjevast støtte til bedrifter og nyetablerarar. Tiltak kan vere investering i utstyr og maskiner, støtte til profilering/merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, kurs/seminar, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgjeving, nettverksbygging, e.l.

Støtte til investeringar i maskiner og utstyr kan berre gjevast i kommunane i sone III og IV.

Støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, for eksempel, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp, e.l. kan gjevast i alle kommunar.

### **6. Avgrensingar i bruk av kommunale næringsfond**

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til følgjande tiltak:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantier
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsformer
- Ordinær drift av verksemder. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av offentlige oppgåver. Det gjeld også kommunen sine ordinær oppgåver i nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Private verksemder som utfører kommunale oppgåver på vegne av det offentlige skal ikkje tildelast kommunale næringsfond.
- Fysisk infrastrukturtiltak i kommunane, som sentrumsutbygging, utbygging av industri/næringsareal, vegar, havner, vassverk m.m.

### **7. Andre vilkår**

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men bør i staden sendast Innovasjon Norge for vurdering.

Prosjekt med søknadsbeløp over halvparten av siste års tildeling til fondet skal drøftast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande lokalt.

Både tilretteleggende og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) til nyetablerarar.

Kommunane, eller den kommunen har gitt forvaltningsansvaret, kan bruke inntil 5 % av årets løyving til å dekke kostnader ved forvaltning av kommunale næringsfond.

Det kan ikkje gjevast tilsegn utover det som til ei kvar tid står på fondet. Det er ikkje lov å gi tilsagn basert på neste års bevilgning fra fylkeskommune. Kommunane kan skyte egne midlar inn fondet.

### **8. EØS avtalen og reglene om offentlig støtte**

EØS-avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentlig støtte til næringslivet. Det er gitt ei rekkje unntak frå dette, for eksempel bagatellmessig støtte. Kommunale næringsfond er bagatellmessig støtte. Det kan gjevast inntil 200.000 euro bagatellmessig støtte over ein rullerande treårs periode. Det er bedrifta sitt ansvar å oppgi tidlegare mottatt bagatellstøtte i søknaden.

Det kan ikkje gjevast støtte som er i strid med internasjonale avtalar der Norge er part. Det kan derfor ikkje gjevast støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.

Dersom EFTAs overvakingsorgan ESA finn at støtte er gitt i strid med regelverket om offentlig støtte i EØS avtalen, kan ESA krevje at støtta blir tilbakebetalt.

### **9. Tildelingar**

Tilskot skal tildelast på grunnlag av søknad. Avgjersle om tildeling av tilskot skal vere skriftlig dokumentert. Det gjeld også elektroniske søknader. Tildelingsbrev skal sendast kvar enkelt tilskotsmottakar. Tildelingsbrev skal innehalde:

- Formål, dvs. kva tiltak tilskotet skal brukast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan bli iverksett
- Moglege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptre i samsvar med forutsetningane for tilskotet
- Klagerett, jfr. kommuneloven §29 og forvaltningsloven §28.

For tilskot over kr. 100 000,- skal tilskotsmottakar skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt med dei vilkåra som gjeld. Kommunane kan sjølve avgjere om det skal krevjast skriftleg akseptbrev for tilsegn under kr.100.000,-.



## **10. Utbetaling**

Tilskotsmottakar skal føre separat regnskap for bruken av tilskotet. Sluttutbetaling skal i utgangspunkt skje etterskotsvis mot rapport og regnskap. Kommunane kan vurdere vilkår for delutbetalingar men det skal ikkje betalast ut meir enn 75% av tilskotet før prosjektet er avslutta og sluttrapport godkjent.

For tilskot over kr.100.000 vert det krevd revisorattestert regnskap og prosjektrapport. Tilskotsmottakar som ikkje er revisjonspliktig kan få regnskapet stadfesta av autorisert regnskapsfører. Kommunane kan vurdere om det krevst attest frå revisor/autorisert regnskapsfører for tilsegn under kr.100.000.

## **11. Oppfølging og kontroll**

For å sikre korrekt saksbehandling ved tildeling og utbetaling av tilskot, skal dei som forvaltar tilskot ha etablert system, rutinar og tiltak som skal førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar, jfr §14 Intern kontroll i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 forvaltning av tilskotsordningar i bestemmelser om økonomistyring i staten.

## **12. Rapportering til fylkeskommune og KRD**

Forvaltar av næringsfond skal kvart år rapportere om bruken av næringsfond via KRD sine forvaltningssystem(RF13.50). Rapporteringsfristen står i det årlege tildelingsbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut ny løyving til kommunalt næringsfond i den enkelte kommune når KRD har mottatt og godkjent rapport via forvaltningssystem(RF13.50) frå føregående år.

# RETNINGSLINER

## NÆRINGSRETTA MIDLAR TIL REGIONAL UTVIKLING, KOMPENSASJON FOR AUKA ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Statsbudsjettet kap. 551, post 61.

Vedtekne i Nærings- og miljøutvalet 03.06.08, og i Fylkesutvalet 30.06.08.

Tillegg i V Forvaltning, punkt 5, blei vedteke i Fylkesutvalet 27.03.09

Administrativt endra 04.02.10, som følgje av vedtak om endra forvaltning, NM 01.09.09 og Fylkesutvalet 28.09.09

### I GRUNNLAG FOR MIDLANE

Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, skal gå til område som ikkje har fått gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift (DA). Berekninga av DA vart frå 2007 berekna ut frå kvar verksemda er lokalisert, og ikkje arbeidstakar si adresse som tidlegare. Kommunar som ikkje har fått gjeninnført DA frå 2007 og som kan ha rett på kompensasjonsmidlar er Vanylven, Sande, Herøy, Haram, Stordal, Midsund, Aukra, Eide, Gjemnes og Nesset. Kompensasjonen tilsvarar auken i arbeidsgjevaravgift utover bagatellregelen.

### II FORDELING AV MIDLANE

1. Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) løyver midlane til dei aktuelle fylkeskommunane som folkevalde organ. Fylkesvis fordeling skjer med utgangspunkt i avgiftsauken for privat sektor i det enkelte området. Den vidare fordelinga til kommunenivå skal vere basert på grunnlagstala frå KRD sine utrekningar for den fylkesvise fordelinga. Nærings- og miljøutvalet vedtek fordeling av kompensasjonsmidlane.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune kan halde tilbake midlar eller endre forvaltninga av midlane dersom:
  - a) Handlingsplan for midlane ikkje er tilstrekkeleg forankra i det lokale næringslivet.
  - b) Midlar ikkje er nytta i samsvar med retningsliner og lokal handlingsplan
  - c) Rapporteringskrav ikkje er innfridd, t.d. når rapporteringa er ufullstendig eller manglar.
  - d) Midlar er akkumulert utan at det er gjort særskilt avtale om dette med Møre og Romsdal fylkeskommune (sjå punkt VIII FOND)

### III MÅL FOR MIDLANE

1. Midlane skal gå til tiltak som gir varige positive effektar for regionane og næringslivet, og ta utgangspunkt i dei langsiktige utfordringane i dei aktuelle områda.
2. Tiltaka skal i størst mogleg grad vere i samsvar med lokale planverk for nærings- og samfunnsutvikling, Fylkesplan, Handlingsprogram for verdiskaping og KRD sine sentrale mål for midlane.
3. Samarbeid på tvers av regionar og kommunar er ønskjeleg.

#### IV ORGANISERING

1. **Fylkesutvalet** er øvste organ for midlane i Møre og Romsdal fylkeskommune, og skal godkjenne lokale handlingsplanar.
2. **Nærings- og miljøutvalet** er styringsgruppe, og fordeler midlane til kommunane.
3. **Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Regional- og næringsavdelinga** skal vere koordinator for ordninga og legge til rette for erfaringsoverføring og kunnskapsutvikling. Eit arbeidsutval, med 3 representantar frå lokale plangrupper, skal fungere som tillitsvalde, og bistå i dette arbeidet
4. **Lokal plangruppe** skal utarbeide årlege handlingsplanar for bruken av midlane i den enkelte kommune. Kommunar kan samarbeide om regional plangruppe og felles handlingsplan.
5. **Kommunen** er ansvarleg for å forvalte midlane i samsvar med regelverk og lokale handlingsplanar.
6. **Innovasjon Norge** handsamar alle bedriftsretta prosjektsøknadar med kostnadsramme over 150.000 kr. Enkelt saker under 150.000 kr i kostnadsramme skal behandlast av kommunen i samsvar med lokale avgjerdsprosedyrar for tildeling av bagatellmessig støtte.

#### V FORVALTING

1. For å sikre engasjement og medverknad frå næringslivet i kommunane som er omfatta av ordninga, skal representantar frå næringslivet ha ein sentral plass i utarbeidinga av planar og prioriteringar for midlane. Andre viktige samfunnsaktørar, som til dømes kommunane, FoU og høgskulemiljø, skal også sikrast brukarmedverknad gjennom deltaking i planprosessarbeidet. Dette utgjør lokal plangruppe.
2. Det skal i handlingsplanane gjerast greie for organisering og planprosess.
3. Handlingsplanane skal fremmast for godkjenning i Fylkesutvalet etter at dei har vore handsama i Nærings- og miljøutvalet. Planar som held seg innafor det sentrale regelverket skal ikkje overprøvast av Fylkesutvalet.
4. Mynde til å vedta løyvingar er lagt til kommunen. Vedtak skal vere i samsvar med satsingsområde i lokal handlingsplan. Løyving til tiltak utanfor satsingsområde må godkjennast av Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Regional- og næringsavdelinga.
5. Dei lokale plangruppene har mynde til å foreta omdisponeringar innan dei vedtekne satsingsområda i handlingsplanen. Om plangruppene ønskjer å nytte eventuelle restmidlar til nye satsingsområde/tiltak, skal dette leggjast fram ved den årlege handsaminga av handlingsplanane i Fylkesutvalet.
6. Kommunen kan ikkje gje tilsegner ut over løyvd beløp frå fylkeskommunen og eventuelle overførte rammer frå tidlegare år.

7. Prosjekt med søknadsbeløp som utgjør over halvparten av siste års tildeling skal drøftast med Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Regional- og næringsavdelinga.

## VI RETNINGSLINER FOR BRUK

I tråd med St.meld. nr. 21 (2005-2006) er det utarbeida nye og i hovudsak felles *retningslinjer for kap 551, post 60* "Tilskudd til fylkeskommuner for regional utvikling", og *kap 551, post 61* "Næringsretta midler til regional utvikling". Retningslinjene er endra for å gje fylkeskommunane ei viktigare rolle når det gjeld forvaltninga av midlane over kap 551, post 61, og for å harmonisere kva for tiltak midlane frå dei to budsjettpostane kan støtte.

1. Retningslinjene byggjer i hovudsak på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane.
2. Midlane kan nyttast både til bedriftsretta tiltak og til generelle tilretteleggjande tiltak.
3. Midlane kan brukast til ei rekke tiltak innan ulike sektorar for å gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønsamt, til dømes innan FoU og nyskaping, kompetanseheving, samarbeid mellom skule og næringsliv, næringsretta program i regi av verkemiddelapparatet og digital infrastruktur.
4. Midlane kan brukast på samferdsel dersom prosjektet ligg inne i vedteken fylkesvegplan eller i NTP.
5. Midlane kan brukast til investeringar i fysisk tilrettelegging for næringsverksemd, stadutvikling og liknande.
6. Midlane kan ikkje nyttast til finansiering av investeringar i, eller ordinær drift av, fylkeskommunal eller kommunal tenesteproduksjon.
7. Midlane kan ikkje nyttast til investeringar i eigenkapital i verksemdar, som til dømes aksjekapital. Det gjeld både bedriftsretta og tilretteleggjande tiltak.
8. RDA-midlar kan ikkje finansiere meir enn 50 % av totalkostnad for bedriftsretta tiltak. For tilretteleggjande tiltak kan RDA-midlar nyttast som einaste finansieringskjelde.
9. RDA-midlane skal ikkje brukast til ordinær drift. Samme tiltak bør ikkje støttast lenger enn inntil tre år.
10. RDA-midlane kan ikkje nyttast til tiltak innan følgjande sektorar, då det gjeld særskilte reglar for berekning av DA i desse:
  - a) Transportsektoren.
  - b) Verftssektoren.
  - c) Fiskeri- og landbruksverksemd i sone Ia.
  - d) Offentleg verksemd.

Sjå utdjupande informasjon på - <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd> (pr 02.11.09)

## VII DIREKTE BEDRIFTSRETTE TILTAK

Bedriftsretta tiltak er direkte finansiell støtte til ei eller fleire verksemder til målretta og avgrensa utviklingsprosjekt eller investeringstiltak

Innovasjon Norge (IN) skal medvirke til kvalitet og framdrift i gjennomføringa av næringstiltaka, og sikre at søknadar er i samsvar med overordna distrikts- og regionalpolitiske målsettingar og lokale prioriteringar. IN skal vidare sjå til at innvilga prosjektstøtte er i samsvar med statsstøtteregelverket.

### Retningslinjer for saksbehandling av bedriftsretta tiltak

1. Saker med over kr 150.000 i kostnadsramme skal sendast til Innovasjon Norge. Eventuelle enkeltsaker under dette beløpet må behandlast av kommunen i samsvar med lokale beslutningsprosedyrer for tildeling av bagatellmessig støtte.
2. Viss RDA-midlane skal brukast bedriftsretta må kommunen sette av midlar til Innovasjon Norge i sin handlingsplan. Bedriftsretta saker under 150 000 i kostnad skal finansierast frå den potten kommunen har sett av til dette i handlingsplanen.
3. Innovasjon Norge skal gjennomføre all saksbehandling i samsvar med sine etablerte rutiner for direkte bedriftsretta støtte.
4. Innovasjon Norge skal i *alle* saker innhente godkjenning frå lokal plangruppe. Det bør i større grad søkast å kombinere RDA-midlar i prosjektfinansieringa med IN sine ordinære virkemiddel på tiltak som IN normalt ikkje har rammer til å prioritere.
5. RDA midlar skal utelukkande komplette og aldri erstatte bruk av IN sine ordinære virkemiddel.
6. RDA-midlane kan finansiere inntil 50 % av total kostnadsramme for bedriftsretta tiltak
7. Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang eller innretning at den kan oppfattast som urettmessig konkurransevidande
8. Reglane for bagatellmessig støtte seier at ei bedrift kan motta maksimalt 200 000 euro over ei tre-års periode.
9. Fribeløpsordninga\* er rekna som bagatellmessig støtte.
10. Støttemottakar har plikt til å opplyse om tidlegare tildelt bagatellmessig støtte. Om ei verksemd tek imot meir støtte enn bagatellregelen tillet, eller for tiltak som ikkje er innan regelverket, er det verksemda som risikerer å betale tilbake tilskotet.

\* Meir info på [www.regjeringen.no/finansdepartementet/tema/skatter\\_og\\_avgifter](http://www.regjeringen.no/finansdepartementet/tema/skatter_og_avgifter)

## **VIII FOND**

I heilt spesielle tilfelle, og etter avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Regional- og næringsavdelinga, kan midlane settast i fond. Fondet må då ha eit klart avgrensa formål og eigne vedtekter/retningslinjer.

## **IX PROSEDYRAR**

1. Kommunen skal etter vedtak om løyving sende tilsegnsbrev med vilkår for tilsegna.
  - a) Normalkrav til innhald i tilsegnsbrev er gjort greie for i tildelingsbrevet til kommunen.
  - b) Tilsegnsbrevet skal gje ein frist for ferdigstilling og rapportering, og gjere greie for prosedyrar og dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga.
  - c) Tilsegnsbrevet skal gje opplysningar om klagerett, jf. kommunelova § 29 og forvaltingslova § 28.
  - d) Sluttutbetaling skal alltid skje etterskotsvis mot rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75 % av løyvd tilskot.

## **X RAPPORTERING**

Kommunen skal kvart år rapportere på bruken av midlane, jf. reglar fastsett i tildelingsbrevet. Kommunen må etablere eit system som legg til rette for innsyn og kontroll med omsyn til både økonomi og målstyring.

1. Bedriftsretta tiltak: Kommunen skal i samarbeid med prosjekteigar ta ansvar for å innhente og oversende fullstendig prosjektrapport og rekneskap (revisorgodkjent for tilskot over kr 100 000,-) til Innovasjon Norge, som skal rapportere dette vidare til Kommunal- og regionaldepartementet.
2. Tilretteleggande tiltak: Kommunen har rapporteringsansvar til KR D gjennom Rapp.13.50.



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2014/135
		Arkiv:	C22

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/14	Komitee for næring, kultur og idrett	17.03.2014
42/14	Formannskapet	18.03.2014

### VEDK. RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL MERKING OG SKILTING AV TURSTIAR I HERØY.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Retningslinene for merking og skilting skal vere i tråd med §1, 3, 5 og 6 i retningslinene for tildeling av kulturmidlar.
2. Komiteen for næring, kultur og idrett vedtek at vedlagde retningsliner skal gjelde for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy.
3. Retningslinene for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy skal implementerast i Retningslinene for tildeling av kulturmidlar tilsvarande andre kommunale tilskotsordningar med verknad frå 01.01.2015.

Særutskrift:  
Kulturleiar  
Folkehelsekoordinator  
Utviklingsavdelinga  
Anlegg for drift og vedlikehald

**Vedlegg:**

1. Utdrag frå merkemalen og merkehandboka.
2. Forslag til retningslinjer for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar i Herøy.

**Uprenta vedlegg:**

1. Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar i Herøy kommune.
2. Merkehandboka.

**Saksopplysningar:**

I kommunen sitt budsjettet for 2014 er det sett av kr. 100.000 til merking og skilting av turløyper i Herøy.

Komiteen for næring, kultur og idrett har bede administrasjonen om å utarbeide retningslinjer for tildeling av tilskot frå potten for merking og skilting av turveggar i Herøy.

Det har meldt seg eit stort behov for å få merke og skilte eksisterande turstiar i Herøyfjella i tillegg av skilting i tilknytning til turveggar / nye turveggar. Etter at det m.a. har vorte mindre sauer i fjella, vegetasjonen har vorte høgare / auka, har stiane grodd igjen og folk finn ikkje fram lenger. Det er ynskjeleg å få gjort eit framstøyt i høve dette i samarbeid med Idrettslag og Grendelag.

Det kan søkjast på tilskot frå Gjensidigfondet gjennom ei ordning administrert av fylket. Dugnad kan utgjere ein del av finansieringa.

Det vil vere positivt for prosjektet om laget kan legge inn ein eigenandel i finansieringa, samt tilskot frå andre finansieringskjelder.

I tillegg kan det søkjast om tilskot frå spelemidlane.

Den Norske Turistforeining, Friluftsrådernes Landsforbund og Innovasjon Norge har utarbeida ein standard for "Merking og gradering av stiar og løyper" som vil vere til stor nytte i arbeidet.

Fylka skal koordinere ordninga og gjere tildelingar. Nokre stikkord:

- Ulike fargar og opplysningar på skilta vil hjelpe brukarane til å velje hensiktsmessig / m.a. rett vanskegrad og sikre ei god naturoppleving.
- Utforminga på skilta må vere slik at svaksynte skal kunne orientere seg.
- Ei god skilting og samarbeid med grunneigar kan også styre ferdsel i høve til slitasje og mulege brukarkonflikter.
- Ein vil kunne legge dei skilta turane inn i nettportalen "Moroturar" for marknadsføring.
- Merking av turstiane i Herøyfjella vil vere eit viktig folkehelseiltak gjennom auka bruk av naturen.

Det har vore avholdt møter med fleire av grendelaga og idrettslaga i kommunen som ynskjer å gjere ein innsats for å få merke turstiar i Herøyfjella.

I fjor var det 2 lag som kommunen er kjent med, som søkte om tilskot frå Fylket / Gjensidigstiftinga der det eine fekk godkjent sin søknad og fekk tilskot; Gurskøy IL, Trimgruppa og Nerlandsøy Grendelag.

I år er det 3 lag som kommunen er kjent med, som søker om tilskot frå Fylket / Gjensidigstiftinga; Tjørnvåg v/ Trimgruppa i samarbeid med Myrvåg Grendeleg og Myrvågfeltet Grendelag, Bergsøy IL, Trimgruppa og Nerlandsøy Grendelag.



## Vurdering og konklusjon:

Skal ein i større grad få folk til å nytte fjellområda våre til friluftsliv og turgåing, er det viktig at stiane vert merka slik at folk kan ferdast trygt i turområda. Merkemalen som fylket og Gjensidigstiftinga nyttar seg av i høve tildeling av tilskot, er det ynskjeleg skal vere gjeldande over heile landet. På den måten kan folk uansett kvar dei kjem frå, kunne føle seg trygge i fjella våre og få ei fin turoppleving.

Ei god tilrettelegging med merking og skilting der folk ferdast ute i naturen, vil vere eit svært positivt tiltak for folkehelsa.

For også å kunne legge tilrette i høve til reiselivet, bør det vurderast å legge nødvendig informasjon på opplysningstavlene, også på engelsk.

For å støtte opp om ei god og sikker merking / skilting foreslår rådmannen at ein nyttar Merkemalen nemnt over som rettesnor i høve til utarbeiding av retningslinjer for tilskot frå dei avsette midlane til merking og skilting av turstiar i Herøy.

Rådmannen foreslår også at retningslinjene skal vere i tråd med §1, 3, 5 og 6 i retningslinjene for tildeling av kulturmidlar. På den måten kan retningslinjene flettast inn som ein del av retningslinjene for tildeling av kulturmidlar og ein kan i høve framtidige budsjett vurdere å sette av midlar til merking og skilting av turstiar / turveggar også dei komande åra.

Det utarbeida forslaget til Retningslinjer for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar i Herøy, ligg ved saka.

Konsekvensar for folkehelse: Merking og skilting av turstiar er eit svært positivt tiltak for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap: Ikkje større konsekvensar for beredskapen

Konsekvensar for drift: Ikkje større konsekvensar for drifta

Fosnavåg, 21.02.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund

### 3) "Turskiltprosjektet - det skal merkes i hele landet":

Utdrag frå Fylkesinfo

#### Formål

Formålet med turskiltprosjektet er gjennom informasjon, skilting og merking å bidra til auka og trygg friluftsferdsl der folk bur og oppheld seg.

#### Kven kan søke?

1) Frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speiderforeiningar, grendelag, velforeiningar, turlag osv.) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret.

2) Interkommunale friluftsråd.

3) Kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessenter kan søke saman med ein frivillig organisasjon(kategori1) el. eit interkommunalt friluftsråd(kategori2).

#### Kva kan ein få stønad til?

Prosjektmidlane skal gå til merking og skilting av turruter i tråd med Merkehandboka, [www.merkehandboka.no](http://www.merkehandboka.no) – utg.: Den Norske Turistforening, Friluftsrådernes Landsforbund og Innovasjon Norge.

Standarden bygger på ein mal for skilting og merking samt eit verktøy for gradering som tar hensyn til vanskegrad. Søker avgjør om turrutene skal graderast.

Stønaden går kun til innkjøp og produksjon av skilt, merking og infotavler (inkl. innfestings-materiell / anna festemateriell) samt til informasjon knyttet til tavlene. Ein kan gi tilskot til skilting og merking av alle typer løyper og stier som omtales i Merkehandboka. Ein gir ikkje stønad til prosjektering, infomateriell, utbetring av sjølve turruta eller til marknadsføring.

#### Kva for stiar/turruter prioriterast?

- Turruter i nærleiken av der folk bur og oppheld seg
- Turruter som er ferdig prosjektert (planlagt)
- Prosjekt som inngår i ei heilheitleg plan eller strategi
- Turruter med plan for aktivitetstiltak/ synleg-gjeringstiltak
- Turruter med forventa stor bruk
- Turruter tilknytt holdeplassar/knutepunkt for kollektiv transport
- Samarbeidsprosjekt der fleire partar deltek
- Prosjekt som legg opp til dokumentasjon av bruken (elektronisk, turpostkasser eller liknande)

#### Krav til kvart enkelt delprosjekt for skilting og merking

- Merkehandboka skal fylgjast.
- Minst ein ansvarleg gjennomfører eit «skilt- og merkekurs» i regi av det nasjonale prosjektet (om ikkje han/ho kan dokumentere tilsvarande kompetanse).
- Det må dokumenterast korleis drift og vedlikehald skal skje minimum 10- år fram i tid frå det tidspunkt tiltaka er ferdigstilt (t.d. inngått vedlikehaldsavtale, henvisning til styrevedtak i foreininga, eller tilsvarande).
- Den ansvarlege organisasjonen/aktøren skal ha logo eller navn på skilt eller skiltstolpe, sjå Merkehandboka for retningslinjer.
- Det må vere inngått skriftleg avtale med den (dei) berørte grunneigar(ane) før midlar vert utbetalt og tiltak kan iverksetjast (inkl. avtaler med Vegvesen / kommune langs offentleg veg).
- Skilting, merking og infotiltak (orienteringstavler med info og kart) meldast inn til den (dei) aktuelle kommunan(e) før tiltaka iverksetjast.
- Nye turruter, samt endringar av eksisterande, legjast inn på [www.rettikartet.no](http://www.rettikartet.no) (nasjonal rute database – Statens kartverk)
- Turforslag med utgangspunkt i ny skilting og merking, GPS-loggast.
- Rapport må skrivast og sendast til prosjekteigar (fylkeskommunen) når turruta er ferdig merka, skilta og registrert, jfr. årshjulet under

## Retningslinjer for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy.

### Formål:

- Formålet med turskiltprosjektet er gjennom informasjon, merking og skilting å bidra til auka og trygg friluftsfærdseil der folk bur og oppheld seg.

### Aktuelle søkjarar:

- Søkjar kan vere frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, grendelag, velforeiningar, turlag mv) registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret, interkommunale friluftslivsorganisasjonar og kommunen.

### Kva kan ein få tilskot til:

- Kommunen kan gje tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i tråd med standarden i merkehandboka, [www.merkehandboka.no](http://www.merkehandboka.no)
- Standarden bygger på ein mal for skilting og merking samt eit verktøy for gradering som tek hensyn til vanskegrad. Søkjer kan avgjere om turruta skal graderast.
- Utforminga av skilta må vere slik at svaksynte skal kunne orientere seg.
- Tilskotet skal gå til innkjøp og produksjon av skilt, merking og infotavler (inkl. innfestingsmateriell og anna festemateriell) samt til informasjon knyta til tavlene.
- Det kan gjevast tilskot til alle typar vegar, stiar og løyper som vert omtala i merkehandboka.
- Søkjar vert oppmoda om å legge nødvendig informasjon på engelsk på Infotavla.

### Tilskotsstorleik.

- Maksimumsbeløpet for tilskot skal vere kr. 20.000. Tilskotet skal ikkje overstige ¼ av materialkostnaden for prosjektet.
- Det skal ikkje kunne søkjast om tilskot når totalkostnaden på investeringa / prosjektet er mindre enn kr. 30.000.

### Søkjar skal legge ved / orientere om:

1. Orientering om prosjektet, kart i passande målestokk, kostnadsoppsett og finansieringsplan.
2. Det skal opplysast om det vert søkt andre tilskotsordningar.
3. Organisasjonsnummeret i Brønnøysundregisteret skal opplysast om i søknaden.
4. Det må orienterast om korleis drift og vedlikehald skal skje i minimum 10 år fram i tid frå ferdigstillingstidspunkt.
5. Den ansvarlege organisasjonen skal ha logo eller namn på skilt eller skiltstolpe.
6. Det må vere inngått skriftleg avtale med grunneigar før tilskot kan betalast ut og tiltaket kan setjast i verk.
7. Skiltinga, merkinga, tiltaket skal meldast til kommunen på eige skjema før tiltaket vert sett i gong.
8. Turruter med utgangspunkt i ny skilting og merking, skal GPS-loggast.
9. Nye turruter samt endringar i eksisterande, skal leggast inn på [www.morotur.no](http://www.morotur.no)
10. Det skal sendast melding til kommunen når prosjektet / turruta er merka, skilta og registrert.
11. Dersom ikkje vilkåra for tilskot er oppfylt innan rimeleg tid etter utbetaling av tilskot, kan ein pårekne å måtte betale attende tilskotet.

Retningslinjene vart vedtekne i F-sak .....



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2013/784
		Arkiv:	C50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/14	Komite for næring, kultur og idrett	17.03.2014
43/14	Formannskapet	18.03.2014

### SVAR PÅ HØYRING – «REGIONAL DELPLAN FOR KULTURMINNER AV REGIONAL OG NASJONAL VERDI»

#### Tilråding frå rådmannen:

#### Kommentar til regional delplan for kulturminne:

Herøy kommune tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Kommunen stiller seg undrande til «statusen» til to av områda som står i fylkeskommunen si liste over kulturminne.

Fylkeskommunen bruker uttrykket *regulert til bevaring*. Kva som ligg i dette omgrepet veit ikkje kommunen for desse områda er ikkje regulert etter plan- og bygningslova, og det ligg heller ikkje føre nokon andre type planar i kommunen sitt planarkiv.

Leinestøylen, Leine – status: *regulert til bevaring*.

Kommunen kjenner ikkje til at Leinestøylen er regulert til bevaring.

Vikane, Bergsøy – staus: *regulert til bevaring*.

Kommunen kjenner ikkje til at Vikane er regulert til bevaring.

Generell kommentar til regional delplan for kulturminne.

Kommunen stiller seg bak fylkeskommunen si haldning om at:

- *staten i langt større grad bør dekkje utgiftene ved arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik.*
- *Dersom Møre og Romsdal fylkeskommune hadde fått overført meir mynde i prøveprosjekt til å fatte dispensasjonsvedtak og ferdigstille nødvendige arkeologiske arbeid, ville det forenkle, effektivisere forvaltninga og gjere det billegare for tiltakshavar/kommunar ved handsaming/slutføring av ulike typar utbyggingstiltak/reguleringsplanar.*

Vi vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

Særutskrift:  
Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Utviklingsavdelinga  
Kulturavdelinga

## **Vedlegg:**

Vedlegg

Brev frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 27.01.2014

Forslag til plan «Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi»

Vedlegg 1 Om kulturminna i planen og grunnlag for utval (ikkje vedlagt)

Vedlegg 2 Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet (ikkje vedlagt)

Vedlegg 3 Sentrale omgrep og definisjonar (ikkje vedlagt)

Vedlegg 4 Oversikt over føreslåtte kulturminne/kulturmiljø i Herøy kommune

## **Saksopplysningar:**

Hovudføremålet med *planen* er å utvikla strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest muleg er samde om.

Planprosessen skal vere med på å heve kunnskapen og medvitet om regionen sine kulturarvverdiar.

Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og samhandling, og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping. Eit viktig mål med planen er ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi, og lage mål for korleis dei kan takast vare på. Ei slik oversikt vil gjere fylkeskommunen si forvaltning av fagansvaret meir føreseieleg og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar og vernetiltak. Med avgrensa ressursar til restaurerings- og vernetiltak er det viktig å gjere dei rette prioriteringane. Det er også viktig at heile samfunnssystemet har kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må behandlast etter det til eksempel arealforvaltning og byggesakshandsaming.

Føremålet med *høyringsrunden* er å gje svar på:

- Er føreslåtte kulturminna/kulturmiljø rette og/eller er det andre som også bør vere med her?
- Vil forslaga kunne kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn?
- Er dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla gode nok som grunnlag for framtidig handlingsprogram?

Etter høyringsrunden skal innspel vurderast av styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe og planforslaget endrast/reviderast der ein finn grunn for det. Revidert planforslag skal leggest fram for fylkestinget 16-18. juni 2014 til endeleg avgjerd.

## **Vurdering og konklusjon:**

### Kommentar til regional delplan for kulturminne:

Herøy kommune tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Kommunen stiller seg undrande til «statusen» til to av områda som står i fylkeskommunen si liste over kulturminne.

Fylkeskommunen bruker uttrykket *regulert til bevaring*. Kva som ligg i dette omgrepet veit ikkje kommunen for desse områda er ikkje regulert etter plan- og

bygningslova, og det ligg heller ikkje føre nokon andre type planar i kommunen sitt planarkiv.

Leinestøylen, Leine – status: *regulert til bevaring*.

Kommunen kjenner ikkje til at Leinestøylen er regulert til bevaring.

Vikane, Bergsøy – status: *regulert til bevaring*.

Kommunen kjenner ikkje til at Vikane er regulert til bevaring.

Generell kommentar til regional delplan for kulturminne.

Kommunen stiller seg bak fylkeskommunen si haldning om at:

- *staten i langt større grad bør dekkje utgiftene ved arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik.*
- *Dersom Møre og Romsdal fylkeskommune hadde fått overført meir mynde i prøveprosjekt til å fatte dispensasjonsvedtak og ferdigstille nødvendige arkeologiske arbeid, ville det forenkla, effektivisere forvaltninga og gjere det billigare for tiltakshavar/kommunar ved handsaming/slutføring av ulike typar utbyggingstiltak/reguleringsplanar.*

Vi vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

#### Konsekvensar for folkehelse:

God forvaltning og formidling av kulturarven vår vil erfaringsmessig bidra til at fleire oppsøker desse. Opplevinga av kulturminner og kulturmiljø synleggjer historia og arven vår, og bidrar til god mental folkehelse. Erfaringar frå kulturmiljøet på gamle Herøy, helleristinga på Rødskar og gravrøysene på Løsetstranda er eksempel på at kulturminner og –miljø er attraktive stadar å oppsøkje fm ulik fysisk aktivitet.

#### Konsekvensar for beredskap:

Vern, og vern gjennom bruk kan bidra til å redusere faren for hærverk, skade og ikkje ynskja hendingar for enkeltpersonar og nærmiljø til kulturminna.

#### Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie planlagt drift.

Fosnavåg, 07.03.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

adresseliste

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		848/2014/M&R	Jens Peter Ringstad	27.01.2014

## **Forslag til regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi - invitasjon til høyring og offentlig ettersyn.**

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok 27.01.2014 i sak U-1 /14, med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 8-3 å legge forslag til regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi til høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfristen er 3.april, 2014.

### **Planen sitt føremål.**

Hovudføremålet med planen er utvikla strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om. Planprosessen skal vere med på å heve kunnskapen og medvetet om regionen sine kulturarvverdiar. Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og samhandling og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping. Eit viktig mål med planen er ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi og lage mål for korleis dei kan takast vare på. Ei slik oversikt vil gjere fylkeskommunen si forvaltning av fagansvaret meir føreseieleg og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar av vernetiltak og restaureringsarbeid. Med avgrensa ressursar til restaurerings- og vernetiltak, er det viktig å gjere dei rette prioriteringane. Det er også svært viktig at heile samfunns-systemet har kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må behandlast etter det i til eksempel arealforvaltning og byggesakahandsaming. Fylkeskommunen, kommunane, regionalt næringsliv, private eigarar, skoler, museer og friviljuge organisasjonar treng oversikter til sitt samarbeid og sine prioriteringar. Planen vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvaltning.

### **Hovudinnhald i planen.**

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi har fokus på tema som fylkeskommunen, kommunane, statleg og friviljuge aktørar på regionalt nivå har verkemiddel til å gjere noko med. Ein har også forslag til forbetringar i samarbeidet og samhandlinga med statlege instansar.

Alle automatisk freda kulturminne har nasjonal verdi og har eit formelt vern med heimel i kulturminnelova. Ein finn det derfor ikkje føremålstenleg å liste opp alle dei ca.5800 kjende minna i listene over kulturminne og kulturmiljø i vedlegg 1 i planen, men kun eit utval på 290 automatisk freda kulturminne og kulturmiljø er tekne med. Av dei er 52 mellomalderkyrkjestader, 22 bygningar og 216 andre automatisk freda kulturminne og kulturmiljø som enten er skilta og tilrettelagde for publikum, eller som er godt eigna til slik tilrettelegging gjennom programma BERG og BARK frå Riksantikvaren.

Listene i vedlegg 1 inneheld oversikt over 92 kulturminne og kulturmiljø som er vedtaksfreda og har nasjonal verdi. Det er også teke med 59 kyrkjer som er "listeførte" med nasjonal verdi og 26 kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid som er med i landsverneplanar.

Det blir også gitt innspel til Riksantikvaren sitt arbeid med fredingsstrategien som skal resultere i ei supplering av fredingslista slik at den betre kan spegle nasjonen si kulturhistorie. Vi foreslår 38 ulike



kulturminne og kulturmiljø i tillegg til "Den Trondhjemske postvei" (som går gjennom åtte kommunar) frå nyare tid som vi meiner har nasjonal verdi.

Viktige fokus har som nemnt vore å gjere kulturminnevernet på regionalt nivå meir føreseieleg og løfte fram ei gruppe kulturminne som har regional verdi og dermed er meir verdifulle for enn andre. Listene (i vedlegg 1) i forslaget inneheld 663 ulike kulturminne og kulturmiljø av regional verdi. Av desse er det 562 som pr. i dag ikkje har noko formelt vern.

Hovudmål og resultatmål i planen bygg på føringar i St.meld 16 (2004-2005) Leve med kulturminner og Meld St. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste og er ordna i følgjande tema:

- Klimaendringar
- Miljøvenleg ressursutnytting
- Tap av kulturminne
- Verdsarv
- Kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid av nasjonal verdi
- Automatisk freda kulturminne
- Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi

#### **Virkingar for samfunn og miljø.**

Dersom hovudmål og resultatmål for planen blir gjennomførte vil ein i Møre og Romsdal få:

- fleire kulturminne og kulturmiljø som er sikra gjennom vedtaksfreding etter lov om kulturminne.
- Fleire kulturminne og kulturmiljø med status regional verdi sikra gjennom kommuneplanar og detaljplanar.
- Fleire automatisk freda kulturminne som er tilrettelagde for publikum
- Fleire verneverdige kulturminne og kulturmiljø sikra mot skade som kan oppstå ved klimaendringar
- Betre tilskotsordningar for verneverdige kulturminne
- Fleire kvalifiserte handverkarar til restaureringsoppgåvene

#### **Forhold til rammer/retningslinjer for området.**

Planutkastet er i tråd med planprogrammet (U-168/12) og føringane i St. meld 16 (2004-2005) Leve med kulturminne og Meld St. 35 (2012-2013) Framtid med fotfest.

Planforslaget er, slik det er lagt fram, eit godt grunnlag for å utvikle fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør i kulturvernarbeidet. Planen er godt forankra og at det har vore medverknad frå aktørar i kommunar, frivilljuge organisasjonar og andre sentrale aktørar i arbeidet med å ta vare på vår kulturarv.

#### **Kva er føremålet med høyringsrunden.**

Sjølv om ein har hatt ein omfattande prosess i innspelsfasen til planforslaget, ser vi på dette som eit forslag som gjennom ei høyring kan "foredlast" til eit endå betre produkt. Vi vil ha vurdering av om dei kulturminna og kulturmiljøa vi foreslår til regional og nasjonal verdi høyrer heime i den verdivekinga og/eller om det er andre kulturminne som også bør vere med her. Vil forslaga kunne kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn. Er dei hovudmåla og resultatmåla vi foreslår gode nok som grunnlag for framtidige handlingsprogram ?

#### **Vidare handsaming av planforslaget.**

Etter høyringsrunden skal innspel vurderast av styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe og planforslaget endrast/reviderast der ein finn grunn for det. Revidert planforslag skal leggest fram for fylkestinget 16.-18.juni 2014 til endeleg avgjerd.

Planforslaget vil i hovudsak bli utsendt elektronisk. Men til dei høyringsinstansane vi ikkje har registrert e-post adresse til, vil dette brevet og sjølve planforslaget bli utsendt på papir. Alle vedlegg vil derimot vere tilgjengelege kun på nettet.

Planforslaget med vedlegg vil vere tilgjengeleg på <http://mrfylke.no/medverknad>

Listene over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi finn du på heimesidene til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga under <http://mrfylke.no/tenesteomraade/kultur/kulturvern/kulturminneplan/regional-delplan-for-kulturminne-og-kulturmiljoe-av-nasjonal-og-regional-verdi>  
Du finn også kulturminna på kart ved å gå inn på <http://gislink.no/kart/index.html?Viewer=kulturav>, zoom inn og få informasjon om objekta ved å trykke på "vis info om kartlag" og markere på punktet for det aktuelle kulturminnet.


Høyringsuttalar kan sendast til:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Send gjerne høyringsuttalar på e-post til [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) eller bruk høyringsportalen på nettstaden til fylkeskommunen ([www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no))  
Merk fråsegna med Høyringsuttale planforslag regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.

Kontaktpersonar i samband med høyringa er:  
Arkitekt Jens Peter Ringstad, [jens.peter.ringstad@mrfylke.no](mailto:jens.peter.ringstad@mrfylke.no), tlf. 712 58 836 / 913 28057  
Fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen, [heidi-iren.wedlog.olsen@mrfylke.no](mailto:heidi-iren.wedlog.olsen@mrfylke.no), tlf. 712 58 831

Med helsing



Jon Aasen  
fylkesordførar

## Adresseliste

### Nasjonale og regionale + kommunane:

Kommunane i Møre og Romsdal  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Mørebenken, Stortinget  
Ungdomspanelet i Møre og Romsdal

Statens vegvesen, region Midt  
Kystverket Midt-Norge, [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal, [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)  
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) region Vest, region Midt-Norge, [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)  
Jernbaneverket, [postmottak@jbv.no](mailto:postmottak@jbv.no)  
Statskog SF, [post@statskog.no](mailto:post@statskog.no)  
Avinor AS, [post@avinor.no](mailto:post@avinor.no)

Møre Bispedømeråd, [more.bdr@kirken.no](mailto:more.bdr@kirken.no)  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, [moreromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreromsdal@naturvernforbundet.no)  
Møre og Romsdal jeger- og fiskeforening, [m.romsdal@njff.org](mailto:m.romsdal@njff.org)  
Kristiansund og Nordmøre Turistforening, [turist@knt.no](mailto:turist@knt.no)  
Molde og Romsdal Turistforening, [post@mrtur.no](mailto:post@mrtur.no)  
Ålesund-Sunnmøre Turistforening, [linda@aaast.no](mailto:linda@aaast.no)  
Fortidsminneforeningen, Møre og Romsdal fylkesavdeling, [martin.nystad@gmail.com](mailto:martin.nystad@gmail.com)  
Fortidsminneforeningen, lokallag MR Sunnmøre, [sunnmore.avdeling@gmail.com](mailto:sunnmore.avdeling@gmail.com)  
Fortidsminneforeningen, lokallag MR Romsdal, [knbryn@gmail.com](mailto:knbryn@gmail.com)  
Fortidsminneforeningen, lokallag MR Nordmøre, [stavkirkenikvernes@gmail.com](mailto:stavkirkenikvernes@gmail.com)

Stiftinga Sunnmøre Museum, [ivar@sunnmore.museum.no](mailto:ivar@sunnmore.museum.no)  
Romsdalsmuseet, [post@romsdalsmuseet.no](mailto:post@romsdalsmuseet.no)  
Nordmøre Museum, [post@nordmore.museum.no](mailto:post@nordmore.museum.no)  
Kulturkvartalet, [post@kulturkvartalet.nett](mailto:post@kulturkvartalet.nett)

Forbundet kysten, [forbundet@kysten.no](mailto:forbundet@kysten.no)  
Romsdal kystlag, [post@romsdalkystlag.no](mailto:post@romsdalkystlag.no)  
Sunnmøre kystlag, [grethe.brusdal@alesund.kommune.no](mailto:grethe.brusdal@alesund.kommune.no)  
Landslaget for Lokalhistorie, [jostein.molde@hf.ntnu.no](mailto:jostein.molde@hf.ntnu.no)  
Kulturvernforbundet, [post@kulturvern.no](mailto:post@kulturvern.no)

Sunnmøre historielag, [line@sunnmore.museum.no](mailto:line@sunnmore.museum.no)  
Romsdal sogelag, [post@romsdal\\_sogelag.no](mailto:post@romsdal_sogelag.no)  
Nordmøre historielag, Rolf Kullbotten, Skolevegen 60, 6521 Frei  
Storfjorden venner, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, 6216 Geiranger  
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, [post@verdsarvfjord.no](mailto:post@verdsarvfjord.no)

Riksantikvaren, [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)  
Bergen Museum, [post@um.uib.no](mailto:post@um.uib.no)  
NTNU, Vitenskapsmuseet, [post@vm.ntnu.no](mailto:post@vm.ntnu.no)  
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, [post@bsj.uib.no](mailto:post@bsj.uib.no)

Friluftsrådet for Ålesund og omland, [frifaao@online.no](mailto:frifaao@online.no)  
Nordmøre og Romsdal friluftsråd, [post@utenordvest.no](mailto:post@utenordvest.no)

Kommunenes Sentralforbund, Møre og Romsdal, [ks@ks.no](mailto:ks@ks.no)  
Regionråda i Møre og Romsdal:  
Sunnmøre regionråd, [post@sunnmoreregionrad.no](mailto:post@sunnmoreregionrad.no)  
Romsdal regionråd, [brittrr@romsdalregionrad.no](mailto:brittrr@romsdalregionrad.no)  
Nordmøre regionråd (ORKidé), [post@nnr.no](mailto:post@nnr.no)

#### Lokale:

Stiftinga Sunnmøre museum, avdelingar:

Aalesunds Museum, [post@aalesunds.museum.no](mailto:post@aalesunds.museum.no)

Godøy Kystmuseum, [post@godoy.kystmuseum.no](mailto:post@godoy.kystmuseum.no)

Norsk Møbelfaglig Senter, [nmfs@mobelfagligsenter.no](mailto:nmfs@mobelfagligsenter.no)

Sykkylven Naturhistoriske Museum, [post@natur-museum.no](mailto:post@natur-museum.no)

Ytste Skotet, [epost@skotet.no](mailto:epost@skotet.no)

Landbruksmuseet for Møre og Romsdal, Gjermundnes, 6392 Vikebukt

Herøy Kystmuseum, [post@heroykystmuseum.no](mailto:post@heroykystmuseum.no)

Brudavolltunet-Ørsta Bygdetun, [post@brudavolltunet.no](mailto:post@brudavolltunet.no)

Sivert Aarflot-museet, [post@bygdetunet.no](mailto:post@bygdetunet.no)

Volda Bygdetun, [grethe@bygdetunet.no](mailto:grethe@bygdetunet.no)

Dalsfjord Fyrmuseum, [frode@dalsfjord.fyrmuseum.no](mailto:frode@dalsfjord.fyrmuseum.no)

Nordmøre Museum, avdelingar:

Gamle Kvernes bygdemuseum, [anne.h.skifjeld@nordmore.museum.no](mailto:anne.h.skifjeld@nordmore.museum.no)

Tingvoll museum, [marianne.nystad@nordmore.museum.no](mailto:marianne.nystad@nordmore.museum.no)

Surnadal museum, [maja@nordmore.museum.no](mailto:maja@nordmore.museum.no)

Sunndal bygdemuseum, [Jarle.stavik@nordmore.museum.no](mailto:Jarle.stavik@nordmore.museum.no)

Smøla museum/ Myrmuseet, [rannei.botten@nordmore.museum.no](mailto:rannei.botten@nordmore.museum.no)

Rindal bygdemuseum, [kari.elin.bolme.lofaldli@nordmore.museum.no](mailto:kari.elin.bolme.lofaldli@nordmore.museum.no)

Geitbåtmuseet/Husasotra, [bjorn.fjerli@nordmore.museum.no](mailto:bjorn.fjerli@nordmore.museum.no)

Kråksundet, [ingvild.bakk@nordmore.museum.no](mailto:ingvild.bakk@nordmore.museum.no)

Gjemnes bygdemuseum, [olav.nilssen@gjemnes.kommune.no](mailto:olav.nilssen@gjemnes.kommune.no)

Vanylven sogelag, [webmaster@vanylven.kommune.no](mailto:webmaster@vanylven.kommune.no)

Sande sogelag, 6084 Larsnes

Herøy sogelag, v/ Haldor Frøystad, Øvre Bergslia 1, 6091 Fosnavåg

Ulstein Sogelag, v/Aksel Hage, Prost Ankersgt. 53, 6065 Ulsteinvik

Stiftinga Volda sogelag, [gunnar.andenes@volda.kommune.no](mailto:gunnar.andenes@volda.kommune.no)

Hjørundfjord kulturvernlag, [synnove.hill@hotmail.com](mailto:synnove.hill@hotmail.com)

Hjørundfjord Sogelag v/ Kari Aarsnes, 6174 Barstadvik

Ørsta Sogelag, v/ Anne- Mari Øyehaug, Håkonsgata 108, 6150 Ørsta

Hovdebygda Soge- og velferdslag v/Grete Ringset, Enokmarka, 6160 Hovdebygda

Follestaddalen Sogelag, v/Asbjørn Aarseth, 6156 Ørsta

Vartdalstranda Sogelag, v/Ivar Arne Vartdal, 6170 Vartdal

Sula sogelag, [edmo@mimer.no](mailto:edmo@mimer.no)

Giske sogelag, v/ Leiv Urtegård, 6052 Giske

Vigra Sogelag, v/ Olav Sindre Roald, 6040 Vigra

Haram kulturhistoriske lag, v/Sindre Rogne, 6293 Longva

Vatne Sogelag, v/ Per John Bjørkevoll, Vestrefjord, 6265 Vatne

Skodje sogelag, [leder@sogelag.com](mailto:leder@sogelag.com)

Ørskog historielag, [post@orskog.historielag.org](mailto:post@orskog.historielag.org)

Stordal sogelag, [john.kr.hjelle@c2i.net](mailto:john.kr.hjelle@c2i.net)

Stranda sogelag, [johan.steffen@c2i.net](mailto:johan.steffen@c2i.net)

Sykkylven sogenemnd, v/Eldar Høidal, Grepstadhagen 35, 6230 Sykkylven

Velledalen sogelag, 6220 Straumgjerde

Fræna sogelag, c/o Magnar Husby, 6447 Elnesvågen

Hustad sogelag, Tusenborg, 6444 Farstad

Nordre Bjørnsund Velforening, [tonefar@online.no](mailto:tonefar@online.no)

Midsund slekts- og historielag, v/Kjell Magerøy, 6475 Midsund

Rauma historielag, Tegltun 6, 6300 Åndalsnes

Mittetdalen historielag, Dale, 6363 Mittet

Rindal heimbygdslag, v/ Anne Grimsmo, 6657 Rindal

Stangvik Historielag, [ainar.gronnes@svorka.no](mailto:ainar.gronnes@svorka.no)

Bøfjorden Historielag, [berntboe@gmail.com](mailto:berntboe@gmail.com)

Todalen Historielag, [maren@pestua-gard.no](mailto:maren@pestua-gard.no)

Smøla historielag, v/Karle Gjernes, 6570 Smøla

Aure historielag, v/Magne Vaag, 6690 Aure  
Halsa historielag, v/Kolbjørn Botten, 6686 Valsøybotn  
Tingvoll Sogelag, Prestgardsvegen 29, 6630 Tingvoll, [arhagen2@online.no](mailto:arhagen2@online.no)  
Freiøya historielag, Enggt. 11, 6509 Kristiansund  
Averøy historielag, v/Jakob Arne Dahlen, Bremsnes, 6530 Averøy  
Gjemnes historie- og museumslag, v/Lars Bjerkeset, 6631 Batnfjordsøra  
Eide historielag, v/ Jonny Lyngstad, 6493 Lyngstad

Herøy kystlag, [robert@voldnes.no](mailto:robert@voldnes.no)  
Herøy museumsbåtlag, [dag.hennum@hotmail.com](mailto:dag.hennum@hotmail.com)  
Bjørkedal kystlag, [keipen@online.no](mailto:keipen@online.no)  
Vestnes kystlag, 6390 Vestnes  
Tingvoll kystlag, [arhagen2@online.no](mailto:arhagen2@online.no)  
Straumsnes utrorslag, [olav.ulseth@live.no](mailto:olav.ulseth@live.no)  
Mellemværftet fartøyvernforening, [paul@wiik.net](mailto:paul@wiik.net)  
Kystlaget Geitbåtens venner, [gear@online.no](mailto:gear@online.no)  
Stene notlag, [teigengard@averoy.online.no](mailto:teigengard@averoy.online.no)  
Otnesbrygga veteranbåtklubb, [dlervik@online.no](mailto:dlervik@online.no)  
Imarsundet kystlag, [oeorm@online.no](mailto:oeorm@online.no)

Austefjord Bygdekvinne­lag, v/ Elin Kalvatn, 6110 Austefjorden  
Åmdalen Bygdekvinne­lag, v/ Elny Aambø, 6150 Ørsta  
Vartdalstranda bygdekvinne­lag, v/ Inger-J Birknes, 6170 Vartdal  
Sunnylven Bygdekvinne­lag, v/ Anne Grethe Hj. Hole, 6218 Hellesylt  
Stranda Bygdekvinne­lag, v/ Eli T. Skarbø, 6200 Stranda  
Valldal Bygdekvinne­lag, v/ Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal  
Norddal Bygdekvinne­lag, v/ Anne Krohn, 6214 Norddal  
Ørskog Bygdekvinne­lag, v/ Målfrid Sjøstad, 6240 Ørskog

Tresfjord Bygdekvinne­lag, v/ Bente Venås, 6391 Tresfjord  
Gossen Bygdekvinne­lag, v/ Eva Husøy, Eikrem, 6480 Aukra  
Innfjorden Bygdekvinne­lag, v/ Bjørg Vik, 6315 Innfjorden  
Måndalen Bygdekvinne­lag, v/ May Britt Oterholm, 6386 Måndalen  
Eidsbygda Bygdekvinne­lag, v/ Gunvor D. Friisvold, 6350 Eidsbygda  
Grytten bygdekvinne­lag, v/ Marit Bergheim, 6300 Åndalsnes  
Ørvedalen bygdekvinne­lag, v/ Marit Kvam, 6330 Verma  
Rødven Bygdekvinne­lag, v/ Sigrun Hunnes, 6350 Eidsbygda  
Nesset Bygdekvinne­lag, v/ Sissel Ebbesen, 6460 Eidsvåg  
Vistdal Bygdekvinne­lag, v/ Rita Lange, 6364 Vistdal  
Bolsøya Bygdekvinne­lag, v/ Gjertrud Kanestrøm, 6457 Bolsøya  
Indre Fræna Bygdekvinne­lag, v/ Jorun Lothe, 6440 Elnesvågen  
Hustad Bygdekvinne­lag, v/ Signe Havnes Farstad, 6433 Hustad  
Farstad bygdekvinne­lag, v/ Oddny Vågen, 6444 Farstad  
Vassenden Bygdekvinne­lag, v/ Solrun Kolmannskog, 6444 Farstad

Steinsgrenda Bygdekvinne­lag, v/ Oddveig Slatlem, 6530 Averøy  
Meisingset Bygdekvinne­lag, v/ Ingunn Talgø, 6628 Meisingset  
Øksendal Bygdekvinne­lag, v/ Karin Vike, 6610 Øksendal  
Fale Bygdekvinne­lag, v/ Inger Janne Haugan Vermøy, 6612 Grøa  
Gjøra Bygdekvinne­lag, v/ Merethe Bolme, 6613 Gjøra  
Åsskard Bygdekvinne­lag, v/ Inger Lise Heggem, 6644 Bøfjorden  
Ålvundeid Bygdekvinne­lag v/ Bodil Brusethaug Børsetlauvet, 6620 Ålvundeid  
Surnadal Bygdekvinne­lag, v/ Serine Heggset, Sylte, 6650 Surnadal  
Øvre Surnadal Bygdekvinne­lag, v/ Jorunn Fiske Pedersen, 6653 Øvre Surnadal  
Halsa Bygdekvinne­lag, v/ Jorunn O. Seter, 6680 Halsanaustan  
Valsøyfjord Bygdekvinne­lag, v/ Solvår Skogen Sæterbø, 6687 Valsøyfjord  
Frostadheia bygdekvinne­lag, v/ Marit Janne S. Holmen, 6570 Smøla

Høyringsperiode 25.06 - 01.10.12



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

- ein tydeleg medspelar

Forslag til planprogram

# Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi

11 112/12

## Innhald

1	Innleiing	3
2	Planen sitt føremål og grunnlag	3
	Føremål	3
	Grunnlag/rammer	3
3	Aktuelle problemstillingar	4
4	Kunnskaps- og utgreiingsbehov	5
5	Organisering, medverknad og framdrift	5
	Organisering av arbeidet	5
	Medverknad og informasjon	5
	Framdriftsplan	6



Framsidedfoto: Håvard Myklebust  
Lay-out/førtrykk: Info. v/Jostein Fuglset  
Digitaltrykk: Fellestenesta, Fylkeshuset 06. 2012 - 30 eks  
Tilgjengeleg på <http://mrfylke.no/planprogram>

# 1 Innleiing

Den regionale planlegginga er eit samla system for offentleg planlegging i fylka, under folkevald styring og kontroll. Planane blir vedtekne av fylkestinget, som er regional planmynde. Ein regional plan skal kunne ivareta dei oppgåvene og det ansvaret fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør.

Den regionale planlegginga skal spegle befolkninga og brukarane sine faktiske interesser og behov. Regionale planar skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

## 2 Planen sitt føremål og grunnlag

Dette planprogrammet er ein prosjektplan for arbeidet med å lage ein regional plan for kulturminne og kulturmiljø med regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal. Planprogrammet gjer greie for krav til innhald, behov for registreringar og utgreiingar, beskriv organisering, medverknad og framdrift i prosessen. Føremålet er å gjere planprosessen mest mogleg føreseieleg.

### FØREMÅL

Hovudføremålet med planen er utvikla strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om.

Planprosessen skal vere med på å heve kunnskapen og medvetet om regionen sine kulturarvverdiar. Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og samhandling og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping.

Eit viktig mål er ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi og lage handlingprogram for korleis dei kan takast vare på. Ei slik oversikt vil gjere fylkeskommunen si forvaltning av fagansvaret meir føreseieleg og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar av vernetiltak og restaureringsarbeid. Med avgrensa ressursar til restaurerings- og vernetiltak, er det viktig å gjere dei rette prioriteringane. Det er også svært viktig at heile samfunnssystemet har kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må behandlast etter det i til eksempel arealforvaltning og byggesakahandsaming. Fylkeskommunen, kommunane, regionalt næringsliv, private eigarar, skoler, museer og friviljuge organisasjonar treng oversikter til sitt samarbeid og sine prioriteringar.

Planen vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvaltning.

### GRUNNLAG/RAMMER

**Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl)**  
Planen blir utarbeidd som ein regional plan i tråd med prosesskrava i plan- og bygningslova. Fylkestinget gjer sluttvedtak om planen. Planen kan likevel bli bringa inn for Miljøverndepartementet av kommunar eller regional stat dersom det er strid om vedtaket. Planen skal leggast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Planen vil ikkje gi kartfesta rammer eller retningslinjer for framtidig utbygging. Det er såleis vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing jamfør pbl §4-2.

### Lov om kulturminner (kulturminnelova)

Kulturminnelova legg føringar for forvaltning av freda kulturminne og bygningar eldre enn 1850. Alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda. Bygningar eldre enn 1650 kan bli erklærast automatisk freda av Riksantikvaren. Kulturminne yngre enn 1536 kan vedtaksfredast av Riksantikvaren. Etter §25 i lova pliktar kommunen å sende søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 til fylkeskommunen si kulturavdeling seinast fire veker før søknaden blir avgjort. Vedtak om riving eller vesentleg endring av slike byggverk og anlegg skal umiddelbart sendast fylkeskommunen dersom dei har gitt uttale mot riving eller vesentleg endring.

Fylkeskommunen er delegert det statlege ansvaret for ivaretaking av dei samla verneinteressene knytt til kulturminne i plan- og byggesaker i fylket. Delegeringa gir eit spesielt ansvar for både automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne. Fylkeskommunen skal gi uttale til følgjande planar og tiltak etter plan- og bygningslova: kommuneplanar, kom-



munedelplanar, konsekvensutgreiingar, konsesjons-søknader, reguleringsplanar (områderegulering og detaljregulering) og søknadar om dispensasjon. I Møre og Romsdal fylkeskommune er mynde til å gjere vedtak om motsegn for ivaretaking av kulturminneinteresser lagt til fylkesutvalet og mynde til å ta avgjerd om mellombels freding etter kulturminnelova delegert til fylkeskultursjefen.

#### Andre nasjonale føringar

På nasjonalt nivå er det fleire stortingsmeldingar og andre offentlege dokument som omhandlar tema som er relevante for ein plan for kulturminnevern. I tillegg til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (juni 2011), er dei viktigaste:

#### NOU-ar:

- NOU 2002:1 Fortid former framtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk.

#### Stortingsmeldingar:

- St.meld. nr.16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr.22 (2004-2005) Kultur og næring

#### Regionale føringar

Gjeldande planar:

- Regional planstrategi 2012-2016, vedteken av fylkestinget i sak T-7/12.
- Fylkesplan for Møre og Romsdal (under arbeid) – vidareføring av gjeldande plan der kultur er eitt av satsingsområda.
- Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal (1999).

#### Eksterende plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal

I 1999 godkjende Miljøverndepartementet Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal. I framlegg til planstrategi for Møre og Romsdal blir denne planen vurdert til framleis å vere gyldig, særleg gjeld det mange av utfordringane samt hovudmål/delmål. Når det gjeld dei konkrete forslaga til tiltak, er mykje gjennomført eller starta opp, men det er også ein del tiltak som fortsatt står att og som bør gjennomførast. Noko bør gjennomførast i form av justeringar og nye tiltak. Hefte 2 og 3 med oversiktar og bakgrunnsstoff har sær stor relevans som kjeldemateriale og informasjonsstoff og for denne regionale delplanen.

## 3 Aktuelle problemstillingar

#### Bakgrunn

Møre og Romsdal har mange kulturminne. Vi har ikkje noko eksakt tal å vise til, men som eksempel kan nemnast at SEFRAK-registeret som er ei oversikt over bygningar i hovudsak frå perioden 1537-1900 er det registrert 44.788 objekt. I Askeladden som er ei nettbasert oversikt over automatisk freda kulturminne (frå før 1537) er det registrert 5.815 objekt. Ikkje alle kulturminne er like verneverdige. Kva er verneverdige kulturminne og korleis kjem vi fram til ei oversikt over slike ?

Eit kulturminne er verneverdig når nokon tillegg det ein slik verdi. Stortinget har vedteke Lov om Kulturminne som slår fast at alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda, og altså verneverdige. Denne planen treng derfor ikkje å ta dei med i vurderingane om verneverdi. For denne kategorien kulturminne er det meir av interesse korleis dei blir tekne vare på og formidla.

Alle verneverdige kulturminne har lokal verdi som verneobjekt. Lokalsamfunna definere kva som har verdi for dei. I Møre og Romsdal er det starta opp eit arbeid med å lage kommunevise kulturminneatlas for å skaffe oversikt over verneverdige kulturmiljø og kulturminne i lokalmiljøa. Alle kan vere med å foreslå kva som skal vere med i atlaset. Parallelt med atlasarbeidet har, ein del kommunar starta opp med å lage kommunale kulturminneplanar. Atlaset og dei kommunale kulturminneplanane vil avdekke kva ein har av verneverdige kulturminne i kommunane. Ei evaluering av materialet

vil kunne fastlegge kva av desse kulturminne og kulturmiljø som har nasjonal og regional verdi.

For kulturminne frå nyaretid har vi pr. i dag inga full "oversikt" over kva kulturminne som har regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal. Det som er fastlagt er at vi har eit område innerst i Storfjorden som har status som verdsarvområde (Vestnorsk fjordlandskap-nordre del, Geirangerfjordområdet). Vi har ein del bygningar og anlegg som er vedtaksfreda og dermed har status som nasjonal verdi. Ein del område er regulert til spesialområde/bevaring eller omsynssone og har dermed i alle fall regional verdi. Gjeldande plan for kulturminnevern i Møre og Romsdal har ein del oversikter over kva som er spesielt verdifulle kulturmiljø. Men svært mange område, miljø og anlegg har ikkje vore vurdert opp mot status som regional eller nasjonal verdi. Dette vil no bli gjort.

#### Utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter

Samfunnet er stadig i endring og dermed også våre omgivelser. Dersom ein gjer registreringar med litt større tidsrom mellom, ser ein at omgivelane våre mange stader har gjennomgått store endringar. Ei viktig oppgåve i kulturminnevernet er å prøve å påvirke desse endringane slik at dei i minst mogleg grad går på kostnad av kulturminneverdiane. I våre lokalmiljø er kulturminna viktige for å skape identitet og historisk forankring. Kulturminneverdiane kan vere i form av enkeltobjekt eller samanhengande kulturmiljø. Når ein skal argu-

mentere for verdien til eit kulturmiljø er det viktig å få fram kva element som inngår i kulturmiljøet, kva eigenverdi dei enkelte elementa har som verneobjekt, kva verdi dei har som del av miljøet og kva samanheng det er mellom dei enkelte elementa.

Gjennom planprosessen ønskjer vi å kome fram til kva samfunnet i vårt fylke er samde om har slik verdi basert på kunnskap og vurderingar utført etter ein metode som sikrar at ein fangar opp og tek med i vurderinga dei elementa som bør inngå som vernekriterier og korleis dei skal vektast.

## 4 Kunnskaps- og utgreiingsbehov

Når ein skal prøve å finne fram til kva kulturminne som har nasjonal og regional verdi i Møre og Romsdal må ein som utgangspunkt ha ei best mogleg oversikt over kva vi har av kulturminne i fylket. Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal gir ein oversikt over mykje. Den viser også til SEFRAK-registeret med nesten 45.000 objekt og oppstillingar av spesielt verdifulle kulturlandskap, verdifulle veg og bruanlegg, kulturmiljø i fylket, kyrkjene våre, freda bygningar, tekniske- og industrielle kulturminne og område som er regulert til spesialområde bevaring for å nemne noko. Men desse oversiktene har ikkje fanga opp alt som bør vurderast. Her vil det vere behov for ein del feltarbeid, litteraturstudier og liknande for å komplettere oversikta.

Alt dette må så gjennomgåast og analyserast for å sjå kva "nivå" det høyrer heime i. Enkelte element og miljø må vurderast nærare på staden for å fastlegge verdiar og gjere avgrensingar.

Eksisterande kulturminneplan gir også oversikt over byggeskikk, næringslivshistorie og viktige utviklingstrekk i fylket som må vere ein del av grunnlaget for utvelging av eit representativt utval av fylket sine kulturminne og kulturmiljø som kan avspegle kulturhistoria vår.

## 5 Organisering, medverknad og framdrift

### **ORGANISERING AV ARBEIDET**

Fylkeskommunen er prosesseigar for den regionale delplanen og organiserer arbeidet. Ein ønskjer å sikre eigarskap og legitimitet til planen ved å invitere andre inn i prosjektgruppe og referansegruppe.

### **Planmynde**

Fylkesutvalet er fylkeskommunen sitt planutval. Dei legg forslag til planprogram ut på høyring og fastsett endeleg planprogram etter høyringsrunde og handsaming av evt. innspel. Fylkesutvalet legg framlegg til plan ut på høyring. Endeleg plan etter handsaming av innspel blir fastsett av fylkestinget etter at fylkesutvalet har hatt saka til behandling.

### **Styringsgruppe**

Styringsgruppa har to medlemmar, det er fylkeskultursjefen og fylkesplansjefen.

Styringsgruppa har ansvar for å følgje opp framdrifta i planprosessen. Styringsgruppa har avgjersmynde.

### **Prosjektgruppe**

Prosjektgruppa skal vere ein arbeidsressurs i planprosessen og vere med på utarbeiding og kvalitets-sikring av innhaldet. Gruppa vil ha tre medlemmar i tillegg til prosjektleiaren. Av desse vil to vere frå

fylkeskommunen si kulturavdeling og ein frå landbruksavdelinga til fylkesmannen.

### **Referansegruppe**

Referansegruppa skal vere eit fagleg korrektiv og brukarkorrektiv i planprosessen. Representantane kan brukast enkeltvis, i mindre grupper eller som samla gruppe.

Referansegruppa skal ha representantar frå KS, ein frå kvart av regionråda, Fylkesmannen sin plan-samordnar, frå Statens vegvesen, Kystverket, SNO (Statens naturoppsyn), Kulturvernforbundet og musea i Møre og Romsdal.

### **Prosjektleiar**

Prosjektleiar har ansvaret for framdrifta i planarbeidet og skal sjå til at prosessen blir gjennomført i tråd med framdriftsplanen. Prosjektleiar koordinerar kontakten med referansegruppa. Prosjektleiar er tilsett i Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune.

### **MEDVERKNAD OG INFORMASJON**

Planprosessen skal medverke til god forankring av planarbeidet i fylkeskommunen og partar planen rører ved, i første rekkje kommunane. Det vil bli gjennomført både regionvise og tematiske møte undervegs i prosessen, og saman med ein aktiv bruk

av referansegruppa håpar vi å sikre medverknad, forankring og informasjon om planprosessen hos dei planarbeidet rører ved.

Både fylkesutvalet og kultur- og folkehelseutvalet vil bli halde orientert.

Planen vil også vere tema i fylkeskommunen sine plannettverk, og vi vil prøve å få regionråda til å sette planarbeidet på sin møteagenda. Dette vil gje kommunane ytterlegare to arenaer for dialog med fylkeskommunen om innhald og prioriteringar i planen. Regionale statsetatar vil få same moglegheit ved at framlegget til plan vil bli drøfta i regionalt planforum.

Planarbeidet vil røre ved mange partar i fylket – frå enkeltpersonar til bedrifter, selskap, organisasjonar, lag og offentlege instansar. Det er viktig at ein når fram til viktige høyringsinstansar både med forslag til planprogram og forslag til plan.

Informasjon om planarbeidet vil bli publisert på <http://mrfylke.no/regionaldelplankulturminne>

Det er lagt til rette for å kunne gi høyringsuttalar via nettet til <http://mrfylke.no/Regionale-planar-hoeyringar>

#### **FRAMDRIFTSPLAN**

- Forslag til planprogram blir utarbeidd i mai 2012.
- Fylkesutvalet legg forslag til planprogram på høyring 25.06.12.
- Forslag til planprogram på høyring og offentlig ettersyn 25.06.12-01.10.12.
- Registreringar og kartlegging startar opp frå juli og utover.
- Planprogram blir vedteke av fylkesutvalet 26.-27.11.12.
- Utarbeiding av planforslag oktober 2012 til mars 2013.
- Høyringsdokument til ny plan på høyring i april-juni (13 veker), 2013.
- Fylkestinget vedtek planen, oktober 2013.

## Framdriftsplan – regional plan for kulturminne med regional og nasjonal verdi

	Framdrift - planprosess		Medverknad og Informasjon	
			"Punktvis"	Generelt
2012 April				Orientering etter behov i kultur- og folkehelseutv. og fylket sitt planforum
Mai	Utarbeiding planprogram			
Juni	Vedtak planprogram, ut på høyring 25.06.12.		Orientering for kultur- og folkehelseutvalet 06.06.12.	
Juli	Høyring/offentleg ettersyn planprogram (13 veker) Registrering/kartlegging			Møter i regionråda i fylket, minst eit møte i kvart råd i kvar høyringsperiode. KS-konfansar for Møre og Romsdal
August				
September				
Oktober	Utarbeiding av planforslag startar opp	Høyringsfrist 01.10.12.	Orientering Fylkeskulturkonferansen 31.10. og 01.11.12.	
November		Vedtak planprogram 26.-27.11.12.		
Desember				
2013 Januar				Møter i fortidsminneforeningar, historielag, kystlag o.a. relevante organisasjonar, møte med kommunane i fylket
Februar				
Mars				
April	Høyringsdokument til ny plan på høyring (13 veker)			
Mai				
Juni				
Juli				
August				
september				
Oktober		Vedtak av plan i fylkestinget		

### FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

#### Regional delplan for kulturminner av nasjonal og regional verdi

Høyringsperioden er 25.06.12-01.10.12

Høyringsuttalar kan sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Bruk gjerne elektronisk innsending

Via våre nettsider:

Via e-post til:

Merk e-post med:

<http://mrfylke.no/Regionale-planar-hoeyringar>

[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

"Høyringsuttale til planprogram for regional delplan kulturminner"

Dette dokumentet finn ein også på:

<http://mrfylke.no/Regionale-planar-hoeyringar>

<http://mrfylke.no/planprogram>

For meir informasjon, kontakt:

Jens Peter Ringstad, arkitekt, telefon 71 25 88 36

Arvid Blindheim, fylkeskultursjef, telefon 71 25 88 31

---

**Møre og Romsdal fylkeskommune**  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon 71 25 80 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

---





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2013/362
		Arkiv:	G10

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/14	Komite for næring, kultur og idrett	17.03.2014

### TILSKOT LANDSKONFERANSE TJUKKASGJENGEN 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune yter eit tilskot på inntil kr. 5 000 for deltaking på Landskonferansen Tjukkasgjengen 2014.
2. Tilskotet skal dekkjast opp over post 14700.4011.377
3. Tilskotet kan betalast ut når det vert lagt fram kvitteringar for opphaldet.

Særutskrift:  
Tjukkasgjengen v/ Frivilligsentralen/Britt Paulsen  
Kulturavdelinga  
Økonomiavdelinga

## Vedlegg:

Søknad datert 27.01.2014 m/ vedlegg

### Saksopplysningar:

Tjukkasgjengen er eit lavterskeltilbod for alle kommunar i landet, som er 100% gratis og med mål å fremme folkehelse.

Tjukkasgjengen Chapter Fosnavåg vart starta 5.mars 2013. Det har sidan då vorte ein stabil gjeng med eit bra lavterskeltilbod til alle i Herøy kommune. Medlemmane er frå dei fleste bygdene i Herøy. Turprogrammet er varierende og ein reiser ofte ut og nyttar seg av turar/løyper i indre – og ytre Herøy, på veg og på fjell. Gruppa har medlemmar med innvandrarbakgrunn og som er rørslehemma. Turane varierer i lengd og tempo slik at folk kan velje prestasjonsnivå sjølve. Motivasjonsfaktoren er høg. Frivilligsentralen kallar inn til planleggings- og samarbeidsmøter i arbeidsgruppa og ser til at programmet vert kjent. Elles er gruppa driven berre med frivillige ressursar.

Arbeidsgruppa er pr i dag 9 personar, 6 av desse har meldt seg på landstreff som skal vere i Sarpsborg 25-27. april. Vi vil med dette søkje om støtte frå kommunen til å dekke utgifter til denne konferansen. Tjukkasgjengen sentralt har fått støtte frå Extrastiftelsen, dei kan difor tilby deltakarane sponsa plassar til kr. 995,- pr person for heile konferansen. På bakgrunn av dette søkjer vi komiteen om 5000,- til å dekke deler av utgiftene.

### Budsjett:

Konferanse 6 personar	5970,-
Reise 6 personar	9000,-
<hr/>	<hr/>
Totalt	14970,-

Søknadsum Herøy kommune	<b>5000,-</b>
Søknadsum Herøy næringsforum	5000,-
Eigenandel deltakar	4970,-
<hr/>	<hr/>
Totalt	14970,-

### Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune har folkehelse som eit av seks gjennomgåande perspektiv i kommuneplanens samfunnsdel, og rådmannen er svært positiv til å støtte Tjukkasgjengen med tilskot til landskonferansen 2014.

I retningslinene for kulturmidlar ligg der ein kategori som kallast «Kurs innan kulturområdet». På landskonferanse er målet læring og utveksling av kunnskap og erfaringar, og rådmannen vurdering er at ein kan gje tilskot frå denne posten.

I retningslinene heiter det at det skal leggst ved orientering / plan, budsjett og finansieringsplan for søknaden. Maksimumstilskotet skal ikkje overstige kr. 3000,- for personar som er tilslutta eit lag / organisasjon, og tilskotet skal ikkje overskride 1/3 av kostnadane. Delar ein totalkostnaden på kr. 5 000 på 6 personar og 1/3 av beløpet for kvar, vil tilskotet verte vel kr. 830 pr. person.

Før utbetaling skal det leggst fram kvitteringar for deltakinga.



Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket blir vurdert å vere eit positivt og viktig bidrag for å fremme folkehelsa i Herøy.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie planlagt drift.

Fosnavåg, 07.03.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Herøy Kommune  
komite for næring, kultur og idrett.

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/362	Saksbeh. ENG
- 7 MARS 2014	
Ark.kode P	G10
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 6

Dato: 27.01.2014

## Søknad om støtte til deltaking på landskonferanse for Tjukkasgjengen den 25-27 april 2014.

Tjukkasgjengen Chapter Fosnavåg vart starta 5.mars 2013. Vi har sidan då vorte ein stabil gjeng som gir eit bra lavterskeltilbud til alle i Herøy kommune. Vi har medlemmar frå dei fleste «bygdene» i Herøy. Vi har eit varierende turprogram og reiser ofte ut og nyttar oss av turar/løyper i indre – og ytre Herøy, på veg og på fjell. Vi har ein del medlemmar med innvandrarbakgrunn og også funksjonshemma som er med i gjengen. Vi har varierende turar alt frå lengd og tempo som folk kan velje mellom alt etter kva dei kan prestere, motivasjonsfaktoren er høg i denne gjengen. Det er Frivilligsentralen som administrerer gruppa, dvs kallar inn til planleggings- og samarbeidsmøter i arbeidsgruppa og sørger for at programmet vert kjendt, elles er gruppa driven med kun frivillige ressursar. Vi er ein positiv og viktig bidragsytar for å fremme folkehelsa i Herøy!

Arbeidsgruppa er pr i dag 9 personar, 6 av desse har meldt seg på landstreff som skal vere i Sarpsborg 25-27. april. Vi vil med dette søkje også i år om litt støtte frå komiteen til å dekke utgifter til denne konferansen. Tjukkasgjengen sentralt har fått støtte frå Extrastiftelsen, dei kan difor tilby deltakarane sponsa plassar til kr. 995,- pr person for heile konferansen. På bakgrunn av dette søkjer vi komiteen om 5000,- til å dekke deler av utgiftene.

Vi håpar på å få eit positivt svar frå dykk på denne søknaden.

### Budsjett:

konferanse 6 personar	5970,-
reise 6 personar	9000,-
	14970,-

<b>Søknadsum komite for næring, kultur og idrett</b>	<b>5000,-</b>
Søknadsum Herøy næringsforum	5000,-
Eigenandel deltakar	4970,-
	14970,-

Med venleg helsing  
for Tjukkasgjengen chapter Fosnavåg  
Britt Paulsen  
dagleg leiar frivilligsentralen.